



Innkalling

Utval:	Formannskap
Møtestad:	Solund Grendahus
Dato:	11.06.2026
Tid:	Kl. 09:00

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå på telefon 57 78 62 00 eller e-post post@solund.kommune.no slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til formannskapet møter etter nærare innkalling.

Saksdokumenta ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
035/26	Godkjenning av møteprotokoll	
036/26	Sluttbehandling mindre endring av detaljreguleringsplan for Klubben bustadfelt	

Solund kommune

05.06.2026

Gunn Åmdal Mongstad
-ordfører-



Saksframlegg

Arkiv: K1-033
ArkivsakID: 26/342
JournalpostID: 26/1552
Sakshandsamar: ACOS Møtebruker (må ikke deaktiveres/slettes)
Dato: 05.06.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
035/26	Formannskap	11.06.2026

Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap sin møteprotokoll frå 4. juni 2026 vert godkjent.

Vedlegg i saka:

05.06.2026 Møteprotokoll - Formannskap - 04.06.2026



Møteprotokoll

Utval: Formannskap
Møtestad: Solund kommune - møterom
Dato: 04.06.2026
Tid: Kl. 11:30 - 15:00
Saksnr.: 022/26 – 034/26

Faste representantar som møtte:	Parti
Signe Bjørøy	H
Gunn Åmdal Mongstad	SP
Sara Tunestveit	SP

Forfall faste representantar:	Parti	Fylgjande vararep. møtte:	Parti
Andreas Færøy Gåsvær	AP	Anne Marie Gåsvær	SP
John Sigfred Hugøy	SP	Sigve Lerpold	AP

Møteleiar: Gunn Åmdal Mongstad

Møteinnkalling:	Innkalling datert 28. mai 2026
Kunngjering:	Heimeside
Frå administrasjonen møtte:	Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt. Stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen. Leiar for Plan og tekniske tenester Kjartan Nyhammer. Rådgjevar Anne Kristine Dyrdal.
Permisjon frå møte:	Representanten Sigve Lerpold fekk permisjon frå møtet etter sak 024/26. Øyvind Losnegard møtte som vara frå og med 025/26. Representantane Øyvind Losnegard og Signe Bjørøy fekk permisjon frå møtet etter sak 032/26.
Godkjenning innkalling:	Det var ingen merknad til innkallinga.
Godkjenning/ sakliste:	Det var ingen merknad og saklista vart samrøystes godkjent.
2 rep. underskrift møtebok:	Representantane Sigve Lerpold og Sara Tunestveit vart samrøystes valde.
Utlevert i møtet:	
Spørsmål/interpell.:	

Orientering:	<u>Kommunedirektøren orienterer om:</u> Asplan Viak v/Steinar Onarheim presenterte rapporten "Vurdering av kailokalitetar".
Synfaring:	
Diverse:	<u>Dagsorden:</u> 11.40 Konstituering av møte 11.45 Orientering frå Asplan Viak 12.30 Lunch 12.50 Sakshandsaming. Sak 031/26 vart handsama fyst, og resten av sakene vart handsama i rekkefølge. 16.35 Møte heva

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
022/26	Godkjenning av møteprotokoll
023/26	Skriv og melding
024/26	Årsrekneskap 2025
025/26	Årsmelding 2025
026/26	Nytt kommunehus i Hardbakke senter
027/26	Tertialrapport nr. 1 2026
028/26	Budsjettendringar 1. tertial 2026
029/26	Økonomiplan 2026 - 2029
030/26	Prosess felles handlings- og økonomiplan med budsjett
031/26	Lokalitet for ekspressbåtstopp
032/26	Tilskot til førstegongs bustadetablerar
033/26	Tilskot til førstegongs bustadetablerar
034/26	Val av medlem og varamedlem til representantskapen i Vest brann og redning for resten av perioden 2023 - 2027

Underskrifter:

022/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap sin møteprotokoll frå 19. mars 2026 vert godkjent.

Handsaming i Formannskap 04.06.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 022/26 VEDTAK:

Solund formannskap sin møteprotokoll frå 19. mars 2026 vert godkjent.

023/26: Skriv og melding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitende slik dei ligg føre.

Handsaming i Formannskap 04.06.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 023/26 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til vitende slik dei ligg føre.

024/26: Årsrekneskap 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek Kommunerekneskapen for 2025 slik den ligg føre.

Revisjonsberetninga og kontrollutvalet sine vedtak vert tekne til vitende.

Driftsrekneskapen syner eit rekneskapsmessig årsresultat på kr. 0, etter at 5.200.000,- i overføring i avsetjing til disposisjonsfond er strøket og ytterlegare 949.120,- er henta frå disposisjonsfond.

Investeringsrekneskapen syner eit rekneskapsmessige årsresultat på kr. 672.739,- som må inndeckast i 2026.

Handsaming i Administrasjonsutval 04.06.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

A- 002/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek Kommunerekneskapen for 2025 slik den ligg føre.

Revisjonsberetninga og kontrollutvalet sine vedtak vert tekne til vitende.

Driftsrekneskapen syner eit rekneskapsmessig årsresultat på kr. 0, etter at 5.200.000,- i overføring i avsetjing til disposisjonsfond er strøket og ytterlegare 949.120,- er henta frå disposisjonsfond.

Investeringsrekneskapen syner eit rekneskapsmessige årsresultat på kr. 672.739,- som må inndeckast i 2026.

Handsaming i Formannskap 04.06.2026:

Votering:

Administrasjonsutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 024/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek Kommunerekneskapen for 2025 slik den ligg føre.

Revisjonsberetninga og kontrollutvalet sine vedtak vert tekne til vitende.

Driftsrekneskapen syner eit rekneskapsmessig årsresultat på kr. 0, etter at 5.200.000,- i overføring i avsetjing til disposisjonsfond er strøket og ytterlegare 949.120,- er henta frå disposisjonsfond.

Investeringsrekneskapen syner eit rekneskapsmessige årsresultat på kr. 672.739,- som må inndeckast i 2026.

025/26: Årsmelding 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre tek årsmelding for Solund kommune år 2025 til vitende.

Handsaming i Administrasjonsutval 04.06.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

A- 003/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre tek årsmelding for Solund kommune år 2025 til vitende.

Handsaming i Formannskap 04.06.2026:

Votering:

Administrasjonsutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 025/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre tek årsmelding for Solund kommune år 2025 til vitende.

026/26: Nytt kommunehus i Hardbakke senter

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Solund kommunestyre gjer vedtak om å gå vidare med etablering av kommunehus i Hardbakke senter.

Solund kommunestyre gjev kommunedirektøren fullmakt til å signere leigeavtale med Solund Næringsbygg AS i samsvar med dei føresetnadane som ligg til grunn i denne saka.

Kostnader i saka vert innarbeida i økonomiplan og budsjett.

Handsaming i Formannskap 04.06.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 026/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre gjer vedtak om å gå vidare med etablering av kommunehus i Hardbakke senter.

Solund kommunestyre gjev kommunedirektøren fullmakt til å signere leigeavtale med Solund Næringsbygg AS i samsvar med dei føresetnadane som ligg til grunn i denne saka.

Kostnader i saka vert innarbeida i økonomiplan og budsjett.

027/26: Tertialrapport nr. 1 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre tek tertialrapport nr. 1 2026 til vitande.

Handsaming i Formannskap 04.06.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 027/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre tek tertialrapport nr. 1 2026 til vitande.

028/26: Budsjettendringar 1. tertial 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek fylgjande budsjettendringar:

Inntekter:

Rammetilskot, skatt og inntektsutjamning	1.006.000,-
Totalt	1.006.000,-

Finansinntekter- og utgifter:

Justert utbytte Eviny	24.000,-
Reduksjon av ekstraordinære avdrag	5.000.000,-
Auka renteutgifter	-489.000,-
Justerte avdrag	200.000,-
Totalt	4.735.000,-

Bruk av fond:

Auka fondsbruk i drift	5.424.000,-
Bruk av flyktningfond	485.000,-
Reduksjon av ekstraordinære avdrag	-5.000.000,-
Reduksjon bruk av midlar frå disposisjonsfond til investering	-1.937.000,-
Bruk til medfinansiering Gyltesvingen	530.000,-
Bruk til tilskot til landbruksveg	294.000,-
Bruk til dekking breibandsutbygging	895.000,-
Totalt	706.000,-

Endringar drift:

Overført til investering	-1.937.000,-
Ansvar 210 - Solund skule	1.135.000,-
Ansvar 310 - Helsetenester m.m	1.000.000,-
Ansvar 370 - Pleie- og omsorg	3.900.000,-
Ansvar 430 - Gjenbruket	300.000,-
Ansvar 800 - Tilleggsloøyvingar Kommunestyret	2.049.000,-
Totalt	6.447.000,-

Utgifter investering

Auka kostnader alle prosjekt	957.000,-
Moms	2.906.000,-
Totalt	3.863.000,-

Finansiering investering

Bruk av lån	1.078.000,-
Momskompensasjon	2.906.000,-
Auka bruk av tilskot	1.922.000,-
Redusert bruk av investeringsfond	-106.000,-
Redusert overføring frå drift	-1.937.000,-
Totalt	3.863.000,-

Handsaming i Formannskap 04.06.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 028/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek fylgjande budsjettendringar:

Inntekter:

Rammetilskot, skatt og inntektsutjamning	1.006.000,-
Totalt	1.006.000,-

Finansinntekter- og utgifter:

Justert utbytte Eviny	24.000,-
Reduksjon av ekstraordinære avdrag	5.000.000,-
Auka renteutgifter	-489.000,-
Justerte avdrag	200.000,-
Totalt	4.735.000,-

Bruk av fond:

Auka fondsbruk i drift	5.424.000,-
Bruk av flyktningfond	485.000,-
Reduksjon av ekstraordinære avdrag	-5.000.000,-
Reduksjon bruk av midlar frå disposisjonsfond til investering	-1.937.000,-
Bruk til medfinansiering Gyltesvingen	530.000,-

Bruk til tilskot til landbruksveg	294.000,-
Bruk til dekking breibandsutbygging	895.000,-
Totalt	706.000,-

Endringar drift:

Overført til investering	-1.937.000,-
Ansvar 210 - Solund skule	1.135.000,-
Ansvar 310 - Helsetenester m.m	1.000.000,-
Ansvar 370 - Pleie- og omsorg	3.900.000,-
Ansvar 430 - Gjenbruket	300.000,-
Ansvar 800 - Tilleggsloøyvingar Kommunestyret	2.049.000,-
Totalt	6.447.000,-

Utgifter investering

Auka kostnader alle prosjekt	957.000,-
Moms	2.906.000,-
Totalt	3.863.000,-

Finansiering investering

Bruk av lån	1.078.000,-
Momskompensasjon	2.906.000,-
Auka bruk av tilskot	1.922.000,-
Redusert bruk av investeringsfond	-106.000,-
Redusert overføring frå drift	-1.937.000,-
Totalt	3.863.000,-

029/26: Økonomiplan 2026 - 2029

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek Økonomiplan for Solund kommune år 2026 - 2029 slik den ligg føre i vedlagte dokument.

Rammene i planperioden vert retningsgjevande for det vidare arbeidet med budsjett 2027 og rulleringa av økonomiplanen i desember.

Handsaming i Administrasjonsutval 04.06.2026:

Felles framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek rammene for økonomiplan for Solund kommune for år 2027 - 2029 slik dei ligg føre i vedlagt dokument. Desse vert retningsgjevande for det vidare arbeidet med budsjett 2027 og rulleringa av økonomiplan 2027 - 2030 i desember.

Votering:

Felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

A- 004/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek rammene for økonomiplan for Solund kommune for år 2027 - 2029 slik dei ligg føre i vedlagt dokument. Desse vert retningsgjevande for det vidare arbeidet med budsjett 2027 og rulleringa av økonomiplan 2027 - 2030 i desember.

Handsaming i Formannskap 04.06.2026:

Votering:

Administrasjonsutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 029/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek rammene for økonomiplan for Solund kommune for år 2027 - 2029 slik dei ligg føre i vedlagt dokument. Desse vert retningsgjevande for det vidare arbeidet med budsjett 2027 og rulleringa av økonomiplan 2027 - 2030 i desember.

030/26: Prosess felles handlings- og økonomiplan med budsjett

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Solund kommunestyre vedtek prosessplanen for 2026 og for budsjettår 2027 og vidare slik den ligg føre i saksutgreiinga.
2. Solund kommunestyre vedtek følgjande målsettingar for arbeidet med felles handlings- og økonomiplan med budsjett:
 - a. *Sikre at samfunnsdelen er eit fungerande og forpliktande styringsdokument*

- b. Forenkle og tydeleggjere samanhengen mellom samfunnsdelen, og handlingsdel med økonomiplan og budsjett
- c. *Ein prosess som også sikrar drøfting av ikkje-økonomiske prioriteringar*
- d. *Handlingsorienterte og økonomiske prioriteringar som er tydelege, reelle og med realisme*

3. Solund kommunestyre vedtek følgjande rammer for arbeidet

- a. Samfunnsdelen legg føringar for prioriteringar i handlings- og økonomiplanen
- b. Handlings- og økonomiplan med budsjett er eitt dokument, direkte underlagt samfunnsdelen. Handlingsdelen til samfunnsdelen ligg i felles handlings- og økonomiplan med budsjett.
- c. Handlings- og økonomiplanen gjeld for fire år, og rullerast årleg. Fokuset i 2026 vert primært året 2027.
- d. Omlegging av administrativ og politisk medverknad til handlings- og økonomiplanarbeidet

Handsaming i Formannskap 04.06.2026:

Framlegg frå Gunn Åmdal Mongstad (SP):

“4. Kommunestyre vedtek ramma for økonomiplanen i juni. Det vert lagt opp til drøftings-/arbeidsmøte i forkant av dette.”

Votering:

Det vart røysta samla over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og framlegg om nytt punkt 4. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og framlegg om nytt punkt 4 vart samrøystes vedteke.

FOR- 030/26 VEDTAK:

1. Solund kommunestyre vedtek prosessplanen for 2026 og for budsjettår 2027 og vidare slik den ligg føre i saksutgreiinga.
2. Solund kommunestyre vedtek følgjande målsettingar for arbeidet med felles handlings- og økonomiplan med budsjett:
 - a. *Sikre at samfunnsdelen er eit fungerande og forpliktande styringsdokument*
 - b. Forenkle og tydeleggjere samanhengen mellom samfunnsdelen, og handlingsdel med økonomiplan og budsjett
 - c. *Ein prosess som også sikrar drøfting av ikkje-økonomiske prioriteringar*

- d. *Handlingsorienterte og økonomiske prioriteringar som er tydelege, reelle og med realisme*

3. *Solund kommunestyre vedtek følgjande rammer for arbeidet*

- a. Samfunnsdelen legg føringar for prioriteringar i handlings- og økonomiplanen
- b. Handlings- og økonomiplan med budsjett er eitt dokument, direkte underlagt samfunnsdelen. Handlingsdelen til samfunnsdelen ligg i felles handlings- og økonomiplan med budsjett.
- c. Handlings- og økonomiplanen gjeld for fire år, og rullerast årleg. Fokuset i 2026 vert primært året 2027.
- d. Omlegging av administrativ og politisk medverknad til handlings- og økonomiplanarbeidet

4. Kommunestyre vedtek ramma for økonomiplanen i juni. Det vert lagt opp til drøftings-/arbeidsmøte i forkant av dette.

031/26: Lokalitet for ekspressbåtstopp

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund Formannskap syner til rapporten «Vurdering av kailokalitetar – flytting av ekspressbåten til Hardbakke» utarbeida av Asplan Viak.

På bakgrunn av rapporten vert alternativet Valen lagt vekk og ikkje jobba vidare med. Men det vert jobba vidare med følgjande punkt før endeleg val av lokalitet :

1. Avklare om mudder på sjøbotn i indre hamn i kombinasjon med ekspressbåten sitt vannjetsystem vil skape problem for ekspressbåten og/eller nærmiljøet. I så fall avklare tiltak og kostnad.
2. Avklare eigarskap og økonomi på dei to lokalitetane
3. Kva krav vil regionale mynde stille knytt til at det tidlegare har vore eit avfallsmottak nært aktuell lokalitet i Steinsund ?
4. Kva meirverdi vil det ha for sentrumsutviklinga på Hardbakke at ekspressbåten kjem inn på indre hamn kontra ein lokal skyssbåt som korresponderer med ekspressbåten
5. Kva meirverdi vil ein permanent fleirbrukskai i Steinsund gje ?

For å sikra ein best mogeleg prosess og sikra at alle som ynskjer å uttale seg i saka får høve til det vert rapporten frå Asplan Viak lagt ut på høyring med frist for uttale 15.august 2026. Målet er å fatta endeleg vedtak i saka i kommunestyremøtet 24.september 2026

Handsaming i Formannskap 04.06.2026:

Framlegg om endring i punkt 4 frå Signe Bjørøy (H):

Ta bort ordlyden “kontra ein lokal skyssbåt som korresponderer med ekspressbåten”.

Framlegg om nytt punkt 6 frå Anne Marie Gåsvær (SP):

“6. Beskrive mogelegheit for betra tilkomst til kaiområdet i Indre hamn. Vurdere kostnader ved utbetring av veg og gangfelt på strekninga mellom skule og hamneområdet i høve trafikksikkerheit.”

Votering:

Det vart røysta samla over framlegg om endring i punkt 4 og punkt 6, og kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med føreslegne endringar i punkt 4 og punkt 6 vart samrøystes vedteke.

FOR- 031/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre syner til rapporten «Vurdering av kailokalitetar – flytting av ekspressbåten til Hardbakke» utarbeida av Asplan Viak.

På bakgrunn av rapporten vert alternativet Valen lagt vekk og ikkje jobba vidare med. Men det vert jobba vidare med følgjande punkt før endeleg val av lokalitet :

1. Avklare om mudder på sjøbotn i indre hamn i kombinasjon med ekspressbåten sitt vannjetsystem vil skape problem for ekspressbåten og/eller nærmiljøet. I så fall avklare tiltak og kostnad.
2. Avklare eigarskap og økonomi på dei to lokalitetane
3. Kva krav vil regionale mynde stille knytt til at det tidlegare har vore eit avfallsmottak nært aktuell lokalitet i Steinsund ?
4. Kva meirverdi vil det ha for sentrumsutviklinga på Hardbakke at ekspressbåten kjem inn på indre hamn ?
5. Kva meirverdi vil ein permanent fleirbrukskai i Steinsund gje ?
6. Beskrive mogelegheit for betra tilkomst til kaiområdet i Indre hamn. Vurdere kostnader ved utbetring av veg og gangfelt på strekninga mellom skule og hamneområdet i høve trafikksikkerheit.

For å sikra ein best mogeleg prosess og sikra at alle som ynskjer å uttale seg i saka får høve til det vert rapporten frå Asplan Viak lagt ut på høyring med frist for uttale 15.august 2026. Målet er å fatta endeleg vedtak i saka i kommunestyremøtet 24.september 2026

032/26: Tilskot til førstegongs bustadetablerar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap avslår søknad om tilskot som førstegongs bustadetablerar frå Jordy Kames datert 18. mars 2026 då fristen for å søkje tilskot er utløpt, jf. punkt 6. i retningslinene for ordninga.

Handsaming i Formannskap 04.06.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 032/26 VEDTAK:

Solund formannskap avslår søknad om tilskot som førstegongs bustadetablerar frå Jordy Kames datert 18. mars 2026 då fristen for å søkje tilskot er utløpt, jf. punkt 6. i retningslinene for ordninga.

033/26: Tilskot til førsteongs bustadetablerar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap avslår søknaden frå Jostein Magnesen og Kristine Valdal Takvam om tilskot til førstegangs bustadetablerar knytt til gardsnummer 60, bruksnummer 1. Søkjarane har ikkje folkeregistrert adresse på eigedommen, og oppfyller difor ikkje krava for ordninga.

Handsaming i Formannskap 29.01.2026:

Framlegg om å utsetje saka frå ordførar Gunn Åmdal Mongstad.

Votering:

Framlegg å utsetje saka vart samrøystes vedteke.

FOR- 009/26 VEDTAK:

Handsaming i Formannskap 04.06.2026:

Framlegg frå Anne Marie Gåsvær (SP):

"Solund formannskap støttar søknaden frå Jostein Magnesen og Kristine Valdal Takvam om tilskot til førstegangs bustadetablerarar knytt til gard.nr. 60, bruk.nr. 1.

Ordlyd i punkt 2. i retningsliner seier:» Mottakar av tilskotet må vere folkeregistrert på bustadadressa i Solund ved tida for utbetaling».

Søkjarane meldte flytting til eigedomen 1.11.2025, som var innan søknadsfrist. Svar på anke ang. avslag frå Skatteetaten om å få godkjend folkeregistrert adresse på eigedomen viser at Skatteetaten har sett registrert flyttedato til 16.1.26. Dette grunna sakshandsamingsreglar sjølv om reell flyttedato dei søkte om var 15.12.2025, noko som òg var innan søknadsfrist.

Solund Formannskap tolkar informasjonen frå søkjarane til at alle punkta i retningslinene er oppfylte.

Ein vil påpeike feil i saksutgreiing. Gnr. 60, B.nr.1 er ikkje kjøpt som fritidseigedom. Det er ein næringseigedom med heilårsbustad og har buplikt."

Votering:

Framlegg frå Anne Marie Gåsvær SP vart samrøystes vedteke.

FOR- 033/26 VEDTAK:

Solund formannskap støttar søknaden frå Jostein Magnesen og Kristine Valdal Takvam om tilskot til førstegangs bustadetablerarar knytt til gard.nr. 60, bruk.nr. 1.

Ordlyd i punkt 2. i retningsliner seier:» Mottakar av tilskotet må vere folkeregistrert på bustadadressa i Solund ved tida for utbetaling».

Søkjarane meldte flytting til eigedomen 1.11.2025, som var innan søknadsfrist. Svar på anke ang. avslag frå Skatteetaten om å få godkjend folkeregistrert adresse på eigedomen viser at Skatteetaten har sett registrert flyttedato til 16.1.26. Dette grunna sakshandsamingsreglar sjølv om reell flyttedato dei søkte om var 15.12.2025, noko som òg var innan søknadsfrist.

Solund Formannskap tolkar informasjonen frå søkjarane til at alle punkta i retningslinene er oppfylte.

Ein vil påpeike feil i saksutgreiing. Gnr. 60, B.nr.1 er ikkje kjøpt som fritidseigedom. Det er ein næringseigedom med heilårsbustad og har buplikt.

034/26: Val av medlem og varamedlem til representantskapen i Vest brann og redning for resten av perioden 2023 - 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel XXX til medlem og XXX til varamedlem til representantskapen i Vest brann og redningsregion KO for resten av perioden 2023 - 2027.

Handsaming i Formannskap 04.06.2026:*Felles framlegg om vedtak:*

Solund kommunestyre vel Øyvind Losnegard til medlem og Signe Bjørøy til varamedlem til representantskapen i Vest brann og redningsregion KO for resten av perioden 2023 - 2027.

Votering:

Felles framlegg om vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 034/26 VEDTAK:

Solund kommunestyre vel Øyvind Losnegard til medlem og Signe Bjørøy til varamedlem til representantskapen i Vest brann og redningsregion KO for resten av perioden 2023 - 2027.



Saksframlegg

Arkiv: K2-L13, K3-&21
ArkivsakID: 26/170
JournalpostID: 26/1500
Sakshandsamar: Kjartan Nyhammer
Dato: 02.06.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
036/26	Formannskap	11.06.2026
029/26	Kommunestyre	11.06.2026

Sluttbehandling mindre endring av detaljreguleringsplan for Klubben bustadfelt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre godkjenner framlegg til mindre endring av detaljreguleringsplan for Klubben bustadfelt, PlanID 4636_201502, som vist på plankart datert 28.05.2026, og med føresegner og planomtale datert 28.05.2026.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-14.

Vedlegg i saka:

04.06.2026	Kart for mindre endring DR Bustadfelt Klubben
04.06.2026	Forslag til justering planomtale med føresegner for Klubben bustadfelt
04.06.2026	Uttale til varsel om oppstart av planarbeid for mindre reguleringsendring Klubben bustadfelt - Vestland fylkeskommune
04.06.2026	Uttale til varsel om oppstart av planarbeid for mindre reguleringsendring Klubben bustadfelt - DSB
04.06.2026	Uttale til varsel om oppstart av planarbeid for mindre reguleringsendring Klubben bustadfelt - NGIR
04.06.2026	Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid for mindre reguleringsendring Klubben bustadfelt - Statsforvaltaren i Vestland
04.06.2026	Uttale til varsel om oppstart av planarbeid for mindre reguleringsendring Klubben bustadfelt - Patrick Trovåg
04.06.2026	Uttale til varsel om oppstart av planarbeid for mindre reguleringsendring Klubben bustadfelt - NVE
04.06.2026	Uttale til varsel om oppstart av planarbeid for mindre reguleringsendring Klubben bustadfelt - Statens vegvesen

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Plan- og bygningslova: [Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\) - Kapittel 12. Reguleringsplan - Lovdata](#)

Opprinneleg vedteken plan: [arealplaner.no | 201502 > Plandokumenter](#)

Innsyn arkivsak 2026/170 Endring reguleringsplan Klubben bustadfelt: [Søk og postliste - Solund kommune](#) Her ligg alle uttalane.

Nabovarsel - Endring reguleringsplan Klubben bustadfelt: [Søk og postliste - Solund kommune](#)

Kva saka gjeld:

Vedtak av mindre endring i detaljreguleringsplan Klubben bustadfelt i samsvar med plan- og bygningslova § 12-14 Endring og oppheving av reguleringsplan. Planendringa omfattar endringar på vegen, flytting av parkering og dertil høyrande føresegner. Område sett av til helikopterlandingsplass (lufthamn) og område sett av til renovasjon.

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Detaljreguleringsplan for Bustadfelt Klubben med plan-id.: 1412-201502 blei vedteken i 2016. Solund kommune ønskjer å gjere mindre justeringar i planen for å leggje til rette for meir føremålstenlege og gjennomførbare løysingar for veg, parkering og teknisk infrastruktur i bustadfeltet. Det er innarbeidd endringar som del av gjeldande plan frå 2016. Endringa inneber rettingar i plankart og reguleringsføresegner.

Det har vore fleire møte med grunneigarar i forkant av at dette planvarselet vart sendt ut, for å finne akseptable løysingar for alle partar både knytt til veg og renovasjon.

Prosess og medverknad

Endringane er vurdert å vere avgrensa og innanfor hovuddrammene i gjeldande plan, og vert difor fremja for handsaming etter forenkla prosess, jf. plan- og bygningslova § 12-14. Med bakgrunn i denne heimelen har det vore sendt ut eit varsel om oppstart av planendring med høyring, og med utsending 2. mars og høyringsfrist 13. april 2026. Det vart sendt ut varslingsbrev til berørte partar, dette omfatta bebuarar i Klubben, i tillegg til alle formelle høyringsinstansar, inkludert NGIR, Statens vegvesen, NVE og Statsforvaltaren i Vestland. Varslingsbrevet vart også lagt ut på Solund kommune si nettside og Solund Nyheter (facebook).

Med ein forenkla planprosess er neste steg vedtak av planendringa, som vert gjort i denne politiske saka.

Uttalar

Det kom inn sju uttalar til planvarselet:

Merknad	Innhald	Kommentar
NGIR - Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS	Det er uklart om dei tidlegare innteikna renovasjonspunkta (BRE1 og BRE2) skal erstattast med eit felles bosshus, eller om bosshuset kjem i tillegg. NGIR har etterspurt presisering, men ikkje fått svar.	Renovasjonspunkt BRE1 og BRE2 skal erstattast med nytt renovasjonspunkt. Det er avklart at renovasjonsbil ikkje køyrer inn vegen til bustadfeltet. Bebuarar i feltet flyttar i dag bosspann fram til fylkesvegen. Føreslått område for nytt

	NGIR presiserer at dersom BRE1 og BRE2 blir erstatta av eit felles bosshus på arealet O_LU (tidlegare helikopterlandingsplass), vil dette ikkje vere innanfor anbefalt maksavstand for renovasjonsløysing (300 m for eigne dunkar, 125 m for fellesløysing). NGIR anbefaler ikkje ei fellesløysing der innbyggjarar må frakte avfallet over lengre strekninga. Om husstandane har eigne avfallsdunkar kan heller ikkje desse fraktast ned til O_LU då maksavstand skal vera 300 m. Det må setjast av tilstrekkeleg areal til oppstilling og handtering av avfallsdunkar, uavhengig av løysing. NGIR må kontaktast i samband med val av avfallsløysing. Tilkomstvegane til hentestadar må ha nok breidde, høgde, tole tilstrekkeleg akseltrykk for renovasjonsbil, og ikkje overstige 8 % stigning. Hentestadane skal liggje på plant område, utan å hindre annan ferdsel, og det må vere mogleg å snu eller ha gjennomkøyringsveg for renovasjonsbilen. Leikeplassar og liknande skal ikkje vere nær hentestadane. Vegar og hentestadar må ha fast dekke, og vere brøytta, salta og strødd ved snø og glatt føre, med normalt vedlikehald heile året.	renovasjonsareal i føremål «andre anlegg» vil sikre areal for bossdunkar og manøvreringsareal for NGIR.
DSB – Direktorat for samfunnssikkerhet og beredskap	Viser til Statsforvaltar	Teke til vitande
VLFK – Vestland fylkeskommune	Vestland fylkeskommune har ingen merknadar til justeringar av parkeringsareal, vegareal og helikopterlandingsplass, då føremålet er i samsvar med	Teke til følgje. Sikringssone er teikna inn i plankart.

	kommuneplanen og regulert til bustad, leikeareal, naustområde og småbåthamn. Planendringa påverkar ikkje fylkesveg 606. Avkøyrsla er teikna inn med siktsone og utforming i tråd med vegnormal Handbok N100. Det manglar innteikna sikringssone H140 for frisisiktsone ved avkøyrsla, og fylkeskommunen ber om at dette vert teikna inn i kartet.	
NVE – Norges vassdrags- og energidirektorat	NVE gir generell tilbakemelding om at kommunen har ansvar for å vurdere og ivareta flaum-, erosjons- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanen, uavhengig av om NVE gir råd eller uttale. Naturfareutgreiingar skal meldast inn til NVE i samsvar med pbl § 2-4 og relevant forskrift. Kommunen kan kontakte NVE for konkret fagleg hjelp ved behov.	Teke til vitande
Statsforvaltaren i Vestland	Statsforvaltaren har ingen avgjerande merknader til dei foreslåtte endringane i reguleringsplanen for bustadfelt Klubben i Solund kommune. Endringane omfattar fjerning av felt O_SPA1, omdisponering av areal for helikopterlandingsplass til renovasjon og postkassehus, justering av vegbana, og opning for endra krav til vegstigning. Det er mykje som talar for at saka kan handsamast som forenkla prosess etter pbl. § 12-14, andre og tredje ledd. Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader verken	Teke til vitande

	til endringane i planframlegget eller til sakshandsamingsmåten.	
Statens vegvesen	Statens vegvesen har ingen vegar eller interesser i området, og uttaler seg kun som sektoransvarleg for vegtrafikk. Dei minner om at vegnormalane gjeld for all offentleg veg, og at fråvik må godkjennast av vegeigar før planen blir lagt ut til høyring. Plankartet må vise siktkrav i kryss og avkøyrslar. Kommunen bør unngå parkeringsplassar som krev bruk av køyreveg til manøvrering, og endringar i krysset med fv. 606 må avklarast med fylkeskommunen. Ut over dette har dei ingen merknader.	Teke til vitande
Gbnr. 26/49 (Patrick Trovåg)	Merknaden ber primært om at den planlagde parkeringsplassen blir teken ut av planen fordi behovet ikkje er dokumentert og ulempene for eigedomen er for store. Det blir også bedt om at søknaden om bølgedempar/flytebrygge (frå 03.03.2022) blir innlemma og godkjend i endring av detaljreguleringsplanen.	Teke til vitande. Kommunen informerer om at planlagd parkeringsplass er ikkje knytt til bustadfeltet, men friområdet mellom Solundheimen og bustadfeltet Klubben. Innlemming av bølgedempar/Flytebrygge er vurdert å liggj utanfor ramma av mindre reguleringsendring og vert ikkje teke inn i dette planframlegget.


Planendringa

1. Føremåla for renovasjonsanlegg (f_BRE1–f_BRE2) er teke ut og erstatta med føremål for andre anlegg (f_ABA).
 - a. § 4.4 er justert for å leggje til rette for nytt felles område for renovasjon og postkassehus innanfor areal avsett til helikopterlandingsplass (o_LU) i kommuneplanens arealdel.
2. Krav til stigning for køyreveger justert
 - a. §5.1 er endra ved at maksimal stigning for offentleg køyreveg o_SKV1er auka frå 12% til 15%, for å ha betre samsvar mellom plan og faktisk situasjon.
3. 3.Frisiktsone er innarbeidd i plankartet og føresegnene
 - a. Ny § 8.2 er teke inn og regulererkrav til frisiktsona ved avkøyrsla til fv. 606.

Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer det slik at planframlegget er i samsvar med plan- og bygningslova § 12.14, og legg til rette for å støtte dei behova som er for bustadfeltet i

Klubben. Ein får til ei minneleg løysing for alle partar, der bebruarane har vore involvert både i vegløyninga og i renovasjonsløyninga.



Teiknforklaring

Reguleringsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg

IND Industri

§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

KV1-5 Køyreveg

FO Fortau

GS Gang-/sykkelveg

AVG Annan veggrunn - grøntareal


§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift

LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden

§12-6 - Omsynssoner

H210 Raud sone etter rundskriv T-1442

H220 Gul sone etter rundskriv T-1442



Ras- og skredfare

§12-7 - Føresegnområder

Midlertidig bygge- og anleggsområde

Linjesymbol

Plangrense

Formålgrense

Midlertidig bygge- og anleggsrense

Grense for støysoner

Grense for faresone

Byggegrense

Bebyggelse som inngår i planen

Regulert senterlinje

Frisiktilinje

Måle og avstandslinje

Punktsymboler

Avkjørsel - både inn og utkjøring

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart: GIS DataLake

Dato for basiskart: 11.07.2025

Koordinatsystem: ETRS89-UTM-32N

Hogdegrunnlag: NN2000

Ekvidistanse: 1m

Kartmålestokk: 1:500 (A1)

0 37.5 75m



Solund kommune

Med tilhøyrande føresegnar

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Saksnummer

Dato

Sign

Innhald:	side
	side
1 Kort samandrag av planforslaget	6
1.1 Bilete av eksisterande situasjon	6
1.2 Enkel skisse av mogeleg framtidig situasjon	7
1.3 Konklusjon hovudtrekk i planforslaget	7
2 Bakgrunn for planarbeidet	8
2.1 Lokalisering	8
2.2 Godkjende planar og utgreiingar	8
2.2.1 Kommunedelplan/kommunedelplanar	8
2.2.2 Reguleringsplanar	9
2.2.3 Strandsoneanalyse for Solund kommune	10
2.3 Avgrensing av planområdet	11
2.4 Krav til planprosess	11
2.5 Viktige rammer for planarbeidet	11
3 Medverknad og planprosessen	13
3.1 Kunngjering av planoppstart	13
3.2 Høyringsinstansar som er varsla	13
3.3 Heimelshavarar og naboar som er varsla	13
3.4 Innkomne merknader	14
3.4.1 Merknader til oppstart av reguleringsendring	14
3.4.2 Merknader frå andre ved oppstart av gjeldande reguleringsplan i 2011.	15
4 Planområdet - eksisterande situasjon	17
4.1 Bruk av planområdet i dag	17
4.2 Registreringar i planområdet og tilliggande areal	18
4.2.1 Natur- og ressursgrunnlaget	18
4.2.2 Landskap og grunnforhold	19
4.2.3 Standsone	21
4.2.4 Næring	22
4.2.5 Kulturminne og kulturmiljø	22
4.2.6 Naturverdiar og naturmangfald	22
4.3 Miljøfaglige forhold	22
4.3.1 Solforhold	22
4.3.2 Støyforhold	22
4.3.3 Luftforureining	22
4.4 Trafikkforhold	22
4.4.1 Køyretilkomst	22
4.4.2 Parkering	22
4.4.3 Trafikkmengde og ulykkessituasjon	23
4.4.4 Trafikksikring for mjuke trafikantar	23
4.5 Sosial infrastruktur Sosiale infrastruktur	24
4.5.1 Offentlege servicetilbod	24
4.5.2 Kollektivtilbod	24
4.6 Tekniske infrastruktur	24
4.6.1 Vatnforsyning og avlaup	24
4.6.2 Energiforsyning	24

4.6.3	Renovasjon	24
4.7	Barn og unge sine interesser	24
4.7.1	Universell utforming	24
5	Risiko- og sårbarheit (ROS-analyse)	26
5.1	Metodikk for vurdering av hendingar	26
5.1.1	Sannsyn og konsekvens	26
5.1.2	Risikomatrise for planforslaget	27
5.1.3	Forklaring til risikomatrisa	27
5.1.4	Moglege hendingar, vurdering av konsekvensar og sannsyn	27
5.2	No og etter utbygging.	28
5.3	Kommentar og tiltak	32
5.3.1	Skred	32
5.3.2	Havnivåendringar og stormflo	34
5.3.3	Trafikkulykker	34
5.3.4	Sterk vind	35
5.3.5	Auka nedbørsmengder/ ekstremnedbør	35
5.3.6	Sløkkjevasskapasitet	35
5.3.7	Tiltak for hendingar med uakseptabel risiko	35
6	Innhald i planen	36
6.1	Utfordring, målsetting og strategi	36
6.1.1	Målsetting	36
6.1.2	Utfordringar	36
6.2	Areal	36
6.3	Bygningar og anlegg	37
6.3.1	Eksisterande bustadtomter, BFS1	37
6.3.2	Nye bustadtomter, BFS2-BFS9	37
6.3.3	Naust	37
6.3.4	Leikeplass, f_BLK1-f_BLK2	37
6.3.5	Energianlegg, BE1	37
6.3.6	Renovasjonsanlegg	38
6.3.7	Utnyttingsgrad	38
6.4	Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	38
6.4.1	Køyreveg	38
6.4.2	Parkering	39
6.4.3	Anna veggrunn – grøntareal	39
6.4.4	Tilknytting til infrastruktur	39
6.5	Landbruks-, natur og friluftsføremål	39
6.5.1	Friluftsføremål, LF	39
6.6	Bruk og vern av sjø og vassdrag	39
6.6.1	Småbåthamn	39
6.6.2	Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	39
6.6.3	Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone	39
6.6.4	Kaste og låssetjingsplassar	39
6.7	Fareområde	40
6.8	Naturmangfald	40
7	Konsekvensar av planframlegget	42

7.1	Konsekvens overordna planar	42
7.2	Konsekvens landskap	42
7.3	Konsekvens kulturminner og -miljø, evt. verneverdi	42
7.4	Konsekvens i høve krava i kap. II i Naturmangfaldlova	42
7.5	Konsekvens rekreasjonsinteressar/rekreasjonsbruk	42
7.6	Konsekvens trafikkforhold	42
7.7	Konsekvens universell tilgjenge	42
7.8	Konsekvens energibehov – energiforbruk	42
7.9	Konsekvens ROS	42
7.10	Konsekvens jordressursar/landbruk	42
7.11	Konsekvens teknisk infrastruktur	42
7.11.1	Vatn og avløp	42
7.11.2	Renovasjon	43
7.11.3	Kraftliner, trafo	43
7.12	Konsekvensar for kommunen	43
7.13	Interesse motsetnader	43
7.14	Avveining av verknad	43
8	Avsluttande kommentar	43
9	Vedlegg	43
	Illustrasjon	44
	FØRESEGNER	45
1	GENERELT	45
2	FELLES FØRESEGNER	46
2.1	Krav til byggesøknad	46
2.2	Plassering og definisjonar	46
2.3	Høgde på terreng, gjerde, m.v. mot offentleg veg og grøntareal	46
2.4	Terrengtilpassing, utomhusplan	46
2.5	Parkeringsdekning	46
2.6	Automatisk freda kulturminner	47
2.7	Støy	47
2.8	Universell utforming	47
2.9	Estetisk kvalitet	47
2.10	Krav om uteopphaldsareal for bustader	47
2.11	Utnyttingsgrad	47
2.12	Kommunaltekniske anlegg	47
2.13	Drenering, tilgang til kommunaltekniske anlegg	48
2.14	Tiltak og fylling i sjø	48
3	REKKEFØLGJEKRAV	48
4	BYGNINGAR OG ANLEGG	48
4.1	Bustad, frittliggande -småhus	48
4.2	Felles leikeplass, f_BLK	49
4.3	Energiforsyningsanlegg, trafo	49
4.4	Renovasjonsanlegg	49
4.5	Naust	49
5	SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR	50

5.1	Offentleg køyreveg, o_SKV 1	50
5.2	Privat køyreveg, SKV2	50
5.3	Offentleg køyreveg, o_SKV3	50
5.4	Tekniske bygningar / konstruksjonar	50
5.5	Offentleg parkering	50
5.6	Anna veggrunn – grønt areal	50
5.7	Frisikt	50
5.8	Avkøyring	51
6	LANDBRUKS, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE	51
6.1	Friluftsmål, LF	51
7	BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG	51
7.1	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	51
7.2	Friluftsområde i sjø vassdrag med tilhøyrande strandsone	51
7.3	Småbåthamn	51
7.4	Kaste- og låssetjingsplass, VKL	52
8	OMSYNSONE	52
8.1	Faresoner	52
9	Føresegnområde, #	52
9.1	Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg, område #1	52

Forord

Planheftet er basert på Kommunal- og moderniserings-departementet (KMD) si detaljerte sjekkliste for planomtale, og er inndelt i tema i tråd denne sjekklista. Nordplan har, der vi har funne det føremålstenleg, justert på rekkjefølgja til nokre tema i sjekklista, samt lagt til nokre få punkt.

Nordplan AS har etter 1. gongs høyring (03.02.2016-18.03.2016) revidert plandokumenta då Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gitt ei fråsegn til forslag til detaljregulering, samt fremma motsegn til planen.


Fylkesmannen: «Med bakgrunn i strandsonevernet, jf. pbl. §1-8, fremmar me motsegn til den omfattande utfyllinga som planen opnar for i tilknytning til småbåthamna og nausta i Djupevågen».

Som ein nødvendig konsekvens av motsegna har ein i dette forslaget til detaljregulering lagt opp til å redusere utfyllingsarealet.

Endringar etter 1. gongs offentlig ettersyn er vist med grønn skrift.

1 Kort samandrag av planforslaget


1.1 Bilete av eksisterande situasjon



Figur 1. Ortofoto av planområdet (kjelde: Fylkesatlas)

Planområdet er stort sett ubebygd. Det er i dag bygd ein tilkomstveg inn i området i samsvar med gjeldande reguleringsplan frå 2014. På eigedom gbnr. 26/49 stod det ei hytte som var bygd i 1975. Denne hytta er påbygd i fleire omgangar og har i dag fått bruksendring til bustadhus. I Djupevågen lengst nord i planområdet ligg det eit naust.

1.2 Enkel skisse av mogeleg framtidig situasjon



Figur 2. Vedlagte skisse viser forslag til ny arealbruk.

1.3 Konklusjon hovudtrekk i planforslaget

I 2015 kjøpte Solund kommune størsteparten av arealet innanfor planområdet og dei ønskjer å legge til rette for eit større bustadfelt. Området er på 172 daa og føremålet med reguleringsendringa er å regulere inn 19 bustadtomter i staden for fritidsbustader. Det vil også leggjast til rette for leikeareal, naustområde og småbåthamn. Det skal også opparbeidast ein køyreveg på ca. 650m frå Fv 606 i aust til Djupevågen i nordvest, som regulert i gjeldande plan.

Småbåthamna i Ågotvika regulert i gjeldande plan, vert fjerna og ein tilrettelegg for ei utviding av felles småbåthavn i Djupevågen. Dette er i samsvar med merknaden frå Fylkesmannen.

2 Bakgrunn for planarbeidet

Nordplan AS utarbeider på vegne av Solund kommune ein reguleringsplan som legg rammer og føringar for bruken innanfor planområdet på Klubben, Hardbakke. Planen vert ei detaljregulering i medhald av plan- og bygningslova sin §12-8.

Det vert vist til oppstartsmøte med kommunen der det er slått fast at den gjeldande planen skal omregulerast frå fritidsbustader til frittliggande småhus. Planarbeidet omfattar tilpassingar og justeringar av interne tomtegrenser, samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur. Gjennom planarbeidet skal ein vurdere talet på tomter, plassering av dei og den samla arealutnyttinga i feltet. Planarbeidet skal og klargjere arealformål og bruk av strandsona i Djupevågen og tilkomstveg internt i bustadfeltet.

Føremålet med reguleringsplanen er endre arealbruken frå hyttetomter til bustadtomter med tilhøyrande infrastruktur.


Kontaktpersonar:

Oppdragsgevar: Solund kommune

Solund kommune: Helge Alme

Nordplan AS: Arvid Tveit, arealplanleggar

2.1 Lokalisering




Figur 3: Lokalisering av planområdet

Planområdet Klubben ligg nord for Hardbakke, kommunesenteret i Solund kommune.

2.2 Godkjende planar og utgreiingar

2.2.1 Kommunedelplan/kommunedelplanar



Figur 4: Kommuneplan for Solund 2008-2020

Området er avmerkt som område der reguleringsplan framleis skal gjelde. Føresegnene til kommuneplanen har lista opp reguleringsplanen Hardbakke-Klubben som regulert for fritidsbustader.

Føresegne §1.5.1:


- Tomt til fritidsfremål skal ha ein storleik avpassa etter terrenget og som hovudregel ikkje vere større enn 1 mål
- Felt med fritidsbustader skal avgrensast i omfang og tilpassast terrenget og omgjevnader.
- Fritidsbustader skal ha parkeringsdekning for 2 bilar pr. eining. Ved bruk av felles parkeringsløyisingar vert det kravd parkeringsdekning for 1,5 bilar pr. fritidsbustad.
- Uteplassen skal vere på terrengnivå.

Retningslinjer i kommuneplanen:

- Det bør leggst til rette for felles løyisingar for naust og sjøtilgang der det er mogeleg.
- Eksisterande kvalitetar i terreng skal takast vare på. Ålmenta skal ha tilgang til strandsona.
- Bygging av fritidsbustader skal som hovudregel ikkje hindre ålmenn ferdsel i strandsona.

2.2.2 Reguleringsplanar

Arealbruken i planområdet er i dag styrt av reguleringsplan frå 2014 der føremåla som er avsett er friluftsområde, hytter, naust, småbåthamn, parkering og veg.



Figur 5: Reguleringsplan vedteken 19.06.2014

2.2.3 Strandsoneanalyse for Solund kommune

Det ligg føre ei strandsoneanalyse, datert 21.09.2007, som vart utarbeidd i samband med revidering av kommuneplan i Solund. Funksjonell strandsone vert her definert som strandsone som er mogeleg å ferdast i eller er nyttbar utan større inngrep, medan ikkje-funksjonell strandsone representerer strandsone med naturleg eller private hinder. Planområdet Klubben fell, i følge analysekartet i rapporten, ikkje inn under definisjonen funksjonell strandsone. Analysen kjem også med nokre tilrådingar i høve til bygging i strandsona, som det kan vere verdt å ta med seg for Klubben.

Det vert peika på at bygging innanfor 100 metersbeltet ikkje bør privatisere strandsona, men heller gjere den meir tilgjengeleg. Dette er vidareført i kommuneplanen sine føresegner.

2.3 Avgrensing av planområdet



Figur 6: Avgrensing av planområdet (svart stipla linje).

2.4 Krav til planprosess

Det vart halde eit oppstartsmøte i Hardbakke om endring av ein detaljreguleringsplan for hytteområdet på Klubben-Hardbakke, 5. nov. 2015.

Planen er vurderast nærmare etter forskrift om konsekvensvurdering sin §3 b, då detaljreguleringa inneber endring av kommuneplanen. Planen er vurdert etter vedlegg III, og tiltaka innanfor planområde vurderer ein ikkje til å ha vesentleg verknad for miljø og samfunn og planen er derfor vurdert av Solund kommune, til ikkje å utløyse krav om KU eller planprogram etter Pbl. §4.

Kommunen tilrår oppstart av planarbeidet.

Planprosessen vil følgje vanleg saksgang for reguleringsplan i samsvar med Pbl. sin §12.

2.5 Viktige rammer for planarbeidet

Miljøverndepartementet har det overordna ansvaret for å utarbeide nasjonale mål og retningslinjer for arealplanlegginga i Noreg. Planar som vert utarbeidd i strid med mål og retningslinjer skal avgjerast av Miljøverndepartementet. Kommunen må følgje dei retningslinjene og måla som statlege organ og fylkeskommunen kjem med i planprosessen. Dei skal sikre at viktige nasjonale og regionale omsyn til ei kvar tid vert ein del av planvurderinga. Det er viktig å ha ein planprosess med eit godt samspel mellom private, lokale interesser og med statlege og fylkeskommunale organ. Kommunen kan eigengodkjenne planen dersom det ikkje ligg føre motsegn frå statleg fagmynde, fylkeskommune eller nabokommune.

Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i regionale og kommunale planstrategiar som skal utarbeidast.

Forventningane er retningsgivande for regionale og kommunale planer.

Plan- og bygningslova fastslår at dei nasjonale forventningane skal bidra til å fremje ei bærekraftig utvikling. Dette har regjeringa teke omsyn til og synleggjort i eit forventnings-dokumentet «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» vedtatt ved kongelig resolusjon 24. juni 2011.

Forventningane omfattar klima og energi, by- og tettstadutvikling, samferdsel og infrastruktur, verdiskaping og næringsutvikling, natur, kulturmiljø og landskap samt helse, livskvalitet og oppvekstmiljø.

Natur, kulturmiljø og landskap. Planlegginga skal byggje på oppdatert og tilgjengelig kunnskap om arealbruk og natur-, kulturminne-, kulturmiljø- og landskapsverdiar. Naudsynt kartlegging og vurdering av desse verdiane inngår i planlegginga. Kommunane skal registrere og verdisette kulturminne og kulturmiljø som har lokal verdi og innarbeide desse i planlegginga.

RPR for Barn og planlegging - kgl. res. 1. september 1989 set krav til at planen ivaretek omsynet til barn og unge sitt behov for gode oppvekstvilkår og nærmiljø. Den fysiske utforminga av anlegg som skal brukast av born og unge må vere sikra mot ureining, støy, trafikkfare og annan helsefare. Det er viktig at nærmiljøa vert utforma slik at dei inkluderer alle.

RPR for Samordnet areal- og transportplanlegging – kgl. res. 20. august 1993 skal sikre ein mest mogleg effektiv, trygg og miljøvennleg transport og ein planlegging som avgrensar transportbehovet. Ein bør planleggje slik at ein får korte avstandar til daglege gjeremål og ha klare grenser for mellom bygde og ubygd område.

Retningslinjer for planlegging av riks- og fylkesveger etter plan- og bygningsloven gir føringar for planlegging av riks- og fylkesvegar etter plan- og bygningslova.

Det er ei målsetting om innskjerping av **jordvernet**.

Det er viktig å planleggje slik at ein fremjar ei betre **folkehelse**. Fysisk aktivitet med moderat intensitet vil gje mange ein stor helsegevinst og betre det mentale velværet. Det er difor viktig å styrkje og leggje til rette for t.d. turstiar og samanhengande gangvegnett. Viktige faktorar for fysisk aktivitet er tilgjenge, om ein kan meistre å delta og estetiske eigenskapar. Planen må leggje vekt på friluftsområde med turvegar og leikeplassar og gode fysiske omgjevnader.

Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming set krav til at omgjevnader skal utformast på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneskjer i så stor utstrekning som mogleg, utan behov for tilpassing og ein spesiell utforming.

Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene. Fastsatt ved kgl.res. av 25. mars 2011, jfr. plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 § 6-2

Det er gitt føringar for **klima- og miljøperspektivet** i planlegginga. Utslipp av klimagassar og global oppvarming er vår største miljøutfordring. Situasjonen er alvorleg for naturmangfaldet, på grunn av klimaendringar og andre truslar. Det vert viktig å redusere utslipp av klimagassar og tilpasse dei fysiske omgjevnadane dei endringane som er i gang.

Den nye **naturmangfaldlova** tok til å gjelde frå 1. juli 2009, og femnar om m.a. føresegnar om berekraftig bruk, artsforvaltning, framande organismar, områdevern, utvalde naturtypar og tilgang til genetisk materiale. Lova inneheld nokre sentrale prinsipp:

- Kunnskapsgrunnlaget (§8)
- føre-var-prinsippet (§9)
- samla belastning (§10)
- kostnadene ved forringa miljø skal bæres av tiltakshavar (§11)
- miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar (§12)

Kunnskapskravet inneberer at all forvaltning av natur skal vere kunnskapsbasert, og at vi ikkje berre skal basere oss på vitskapeleg kunnskap, men og på den erfaringsbaserte. Tiltak etter naturmangfaldlova og andre lover skal avvegest mot andre viktige samfunnsinteresser.

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging skal leggst til grunn ved planlegging og handsaming av einskildsaker etter plan- og bygningslova. Retningslina tilrår at anleggseigar bereknar to støysoner rundt viktige støykjelder, ei raud og ei gul sone. I den raude sona er hovudregelen at ein skal unngå støyfølsam utbygging, medan ein i den gule sona kan vurdere utbygging dersom det kan dokumenterast at avbøtande tiltak gir tilfredsstillande støyforhold.

Samfunnssikkerhet og planlegging etter Plan- og bygningsloven er ein rettleiar i arbeidet med ROS-analysar, m.a. for å oppfylle krav i § 4-3 i plan- og bygningslova.

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen skal leggst til grunn. Formålet med retningslinjene er å redusere nedbygging av strandsona. Bygging og landskapsinngrep skal ikkje tillatast på areal som har verdi som formål, som til dømes friluftsliv, naturvern, biologisk mangfald, kulturminne, kulturmiljø, landskap, landbruk eller andre allmenne interesse. Sogn og Fjordane er i føresegnene kategorisert under dei fylka som har mindre press på areal. Det vil vere enklare for kommunane å gje løyve til å bygge i områder utan press enn i områder der presset er stort. Det vil gje kommunane utanfor pressområda høve til å inkludere strandsona i sine heilskaplege utviklingsstrategiar.

Utbygging bør så langt som mulig lokalisast til områder som har utbygging, slik at utbygginga skjer mest mulig konsentrert. Utbygging i urørte områder med spesielle friluftsinnteresser eller natur- og landskapskvalitetar skal ein unngå.

3 Medverknad og planprosessen

3.1 Kunngjering av planoppstart

Planendringa vart i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 kunngjort oppstarta med annonse i avisa Firda og brev til grunneigarar, naboar, lokale og regionale høyringsinstansar, med frist for merknader sett til 22.10.2015.

3.2 Høyringsinstansar som er varsla

Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger, *postmottak.sentraladm@sfj.no*

Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Kulturavdelinga, Askedalen 2, 6863 Leikanger,

postmottak.kultur@sfj.no

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, *fmsfpost@fylkesmannen.no*

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Postboks 53 6801 FØRDE, *nve@nve.no*

Statens vegvesen Region vest Askedalen 4, 6863 Leikanger, *firmapost-vest@vegvesen.no*

Sunnfjord Energi AS Boks 123, 6801 Førde, *firmapost@sunnfjordenergi.no*

Kystverket vest Postboks 1502. 6025 Ålesund, *post@kystverket.no*

Fjord 1 Sogn Billag Pb 67, 6851 Sogndal, *sognbillag@fjord1.no*

Fjord1 Fylkesbåtane AS Pb. 354, 6902 Florø *fylkesbaatane@fjord1.no*

NGIR Kjevikdalen, 5956 Hundvin *lindas@retura.no*

Bergens Sjøfartsmuseum Postboks 7800, 5020 Bergen *marinarkeologi@bsj.uib.no*

Telenor, *kabelnett@telenor.com*

Fiskeridirektoratet, Region vest, Pb. 185 Sentrum, 5804 Bergen, *postmottak@fiskeridir.no*

3.3 Heimelshavarar og naboar som er varsla

Eigedom	Navn
26/49	Patrick Trovåg
27/1	Svein Paul Lien
26/46	Anne Marit Martinsen
26/46	Solveig M. Lien
27/8	Norman & Ragnhild Lien
66/1	Gustav Takle

3.4 Innkomne merknader

3.4.1 Merknader til oppstart av reguleringsendring

Statens vegvesen, datert 07.10.2015

Tilkomst må planleggast i samsvar med N 100 Veg og gateutforming. Elles har dei ingen merknadar til varselet og kjem attende når planen kjem på høyring.

Vurdering av merknaden:

Veg og kryssløysingar vert utforma etter handbok N100.

Sogn og fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga, datert 17.11.2015

Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne i området. Det skal likevel ikkje utelukkast at slike kan finnast her. Vi ber om at følgjande føresegn blir teken i planen:

Kulturavdelinga i fylkeskommunen må straks kontaktast for nærare avklaring dersom det ved gravearbeid vert gjort funn av gjenstandar, trekollag, steinkonstruksjonar etc., jf. lov om kulturminne §§ 3 og 8.2.

Uttale frå Bergen Sjøfartsmuseum:

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Hardbakke / Klubben i Solund kommune som kan bli direkte råka av reguleringa.

Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Noregs vassdrags- og energidirektorat, datert 28.09.2015:

I skrednett sitt aktsemdkart er delar av planområdet definert som potensielle fareområde for steinsprang og snøskred. NVE tilrår å innhente fagleg kompetanse for å definere nærmare faresonegrensene på staden. Fareområder må visast i plan som omsynssoner i samsvar med PBL §12-6 og eventuelle sikringstiltak må vurderast.

Vurdering av merknaden:

Kompetanse frå geolog er henta inn og rapport frå Skredfarevurdring er vedlagt. Faresoner er lagt inn i plankartet.

Fiskeridirektoratet, datert 23.10.2015:

Føresest at føresegnene i gjeldande detaljreguleringsplan for hyttefelt Hardbakke – Klubben, om bruk og vern av sjø og vassdrag, føresegn 7.3 Kaste og låssetjingsplass, KOL, vert teke inn ny plan.

Vi ber dykk òg om å ta omsyn til våre merknadar knytt til etablering av småbåthamner.

Vurdering av merknaden:

Vi følgjer opp i høve føresegn for reguleringsplan.

Kystverket, datert 28.09.2015

Kystverket har ingen merknad til reguleringsendringa.

Fylkesmannen i Sogn og fjordane, datert 22.10.2015

Samfunnsinteresser

Tilrår at det vert sett av minst eit felles uteopphaldsareal innanfor planområdet som er tilpassa ulike aldersgrupper og vert eigna som felles område for leik og samlingsstad for alle aldersgrupper. Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge slår fast at arealet mellom anna skal vere sikra mot trafikkfare og vere eigna til leik og opphald.

Natur og miljø

Bustadene bør plasserast i landskapet slik at fjernverknaden vert minst mogleg. Det bør elles leggjast opp til minst mogleg terrengarbeid på den enkelte tomta.

I fråsegna vår til gjeldande reguleringsplan tilrådde vi at den smale sona med LNF-område mellom småbåthamna f_SH1 og dei nordlegaste tomtene innanfor FF1 vart utvida. Ved endring av arealføremålet til bustader er allment tilgjenge til strandsona minst like viktig som i eit fritidsbustadområde. Permanent busetnad ved LNF-beltet gir også meir privatisering, noko ein kan redusere ved å utvide dette beltet noko.

Vi tilrådde vidare at småbåthamna i Ågotvika, f_SH2, vart teken ut av planen på grunn av ein overkapasitet av båtplassar samanlikna med tal hyttetomter. Slik vi forstår det vert det no lagt opp til større og færre tomter og dermed ein endå

større overkapasitet av båtplassar. Det aktuelle området er eit urørt naturområde utan vegtilkomst. Vi held fast ved tilrådinga om å ta ut småbåthamna av planen av omsyn til strandsoneverdiane.

Samfunnstryggleik og beredskap

Det må gjennomførast ei ROS-analyse for endringane som planen legg til rette for. Forventingar og krav til ROS-analysen kjem fram av standardbrevet i punktet om samfunnstryggleik og beredskap.

Landbruk

Vi kan ikkje sjå at reguleringsendringa har negative verknader for nasjonale eller viktige regionale interesser knytt til landbruk. Ved eventuelle konsekvensar for landsbruksinteresser viser vi til standardbrevet og punktet om landbruk.

Syner elles til Fylkesmannen sitt standardbrev for oppstart av reguleringsplanarbeid.

Vurdering av merknaden:

Teke til orientering. Vert sett av to leikeareal. Eit stort fellesareal som er tenkt til leik og samlingsstad for ulike aldersgrupper. Nemnte LNF-område er utvida, og småbåthamn er flytta lenger vest. Småbåthamna i Ågotvika er teken ut av planen.

3.4.2 Merknader frå andre ved oppstart av gjeldande reguleringsplan i 2011.

Stiftelsen Bergens sjøfartsmuseum, datert 22.07.2011:

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Hardbakke/Klubben i Solund kommune som kan bli direkte råka av detaljreguleringa. Dei har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid og har difor ingen merknader til detaljreguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9.juni 1978 nr.50 om kulturminne.

Vurdering av merknaden:

Teke til orientering og lagt inn i føresegnene.

Sunnfjord Energi, datert 22.08.2011:

Vedlagt merknaden er ei kartskisse som viser at Sunnfjord Energi (SE) ikkje har nettanlegg innanfor planområdet i dag, men kun lågspentlinje fram til eksisterande bustad på eigedom gbnr. 26/49. Det vert tilrådd å føre fram høgspent til det framtidig hyttefeltet som kan transformerast ned til 415V fram til hyttene. SE ser for seg at maksimallasta for det nye feltet vert lagt over det eksisterande lågspentframføringa kan klare, og det må difor førast opp nettstasjon og gravast grøft for høgspentkabel eller førast fram høgspentlinje til denne. Det må avsetjast areal til nettstasjon med str. 5-7 m² med sikringssone 5m frå andre bygg. SE ønskjer elles å få tilsendt utomhusplan samt estimert maksimaleffekt for det framtidige hytteområdet så snart det ligg føre.

Vurdering av merknaden:

Det reguleringsmessige vert ivareteke av plankonsulent. Tiltakshavar merker seg tilrådingar som gjeld gjennomføring av straumtilførsel.

Sogn og fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga, datert 03.11.2011

Ved førre høyring vart det gjennomført kulturminneregistrering.

Bergen Sjøfartsmuseum har også vurdert oppstartsvarsel og uttaler følgjande: Museet kjenner ikkje til kulturminner ved Hardbakke/Klubben. Tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Vurdering av merknaden:

Føresegnene til planen skal innehalde eit avsnitt om inngrep på marine kulturminne.

Trude Lien på vegne av grunneigar Solveig Lien, datert 04.08.2011:

Som grunneigar i Djupevågen og nabo til hyttefeltet, ønskjer dei å kome med følgjande merknad:

-Alle hyttene i hyttefeltet bør ha **en** felles brygge/marina

-Aktuell vik i Djupevågen (sør) er dårlig egnet til dette formålet grunnet vind. Vind fra nord blåser rett inn i denne viken.


-Båttrafikk til/fra hyttefeltet "tilhører" Liasundet og ikke Djupevågen

Vurdering av merknaden:


Teke til orientering.

4 Planområdet - eksisterende situasjon

4.1 Bruk av planområdet i dag



Figur 7: Skråfoto av planområde Klubbe, sett frå vest (Norge i 3d).



Figur 8: Skråfoto av Klubben, sett frå aust (Norge i 3d).


4.2 Registreringar i planområdet og tilliggande areal

4.2.1 Natur- og ressursgrunnlaget



Figur 9: Oversikt over lokalt viktige friluftsområde kring planområdet (kjelde Fylkesatlas; FRIDA)


Det er ikkje registrert lokale eller regionale viktige friluftsområde i det aktuelle planområdet Klubben. Fiskeriinteresser (Fylkesatlas SFJ).



Figur 10: Område med spesiell naturkvalitet (kjelde Fylkesatlas; EDNA, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane)

Områdeskildring:

Området tilhøyrer Taklegarden. Beitemark med rydningsrøyser, høgstamma tre og steingardar skapar ein fin mosaikk.



Figur 11: Område for prioriterte naturtypar (DN Handbok 13)(kjelde:Miljødirektoratet)

Områdenavn: Hardbakken nord. Naturtype: Naturbeitemark. Verdi: Svært viktig.

Ganske stor, velbeita beitemark/natureng vest for riksvegen nord for Solund. Sentrale deler av området har truleg vore overflatedyrka og mesteparten har vel vore bruka som slåttemark. På dei sentrale delane har det tydeleg vore bruka både naturgjødsel og kunstgjødsel tidlegare. No ser det imidlertid ut til at gjødslinga er svak/fråverande. Kantsonene og meir perifer deler av lokaliteten ser ut til å ha unngått gjødsling. I desse områda fann ein naturengplanter som; finnskjegg, smalkjempe, kystmaure, gulaks, lækjeveronika, tepperot m.fl.



Figur 12: Gyteområde i sjø
(Fylkesatlas: Kartlegging i SAMS-prosjektet 2003)



Figur 13: Mogelege område for kamskjell botnkultur/
(kjelde: Fiskeridirektoratet Region Vest 23.12.2005).

Det er ikkje registrert tare eller rekefelt i nærleiken (kjelde: Fiskeridirektoratet)

4.2.2 Landskap og grunnforhold

Planområdet kan skildrast som eit småkupert og opprive landskap. Bustadområdet er tenkt lokalisert mellom dei to høgdene Godvershaugen på 92 moh og Klubben på 50 moh.




Figur 14: Bilete mot Klubben i nord.

Liafjorden er definert som landskapstype 20-T 06-08 *Småfjord- og storsundlandskap* (kjelde: Fylkesatlas) .
Berggrunn: Bergarten i området er eit konglomerat av rullestein bunde saman av ein sement av sand. Bergarten er karakterisert som hard og med lite sprekker.



Figur 15: Konglomerat i sedimentær breksje.



Figur 16: Open fastmark (kjelde: Markslagskart)

Markslaget i området vert definert som open fastmark (kjelde: Fylkesatlas). Biletet i fig. 17 viser at det er tiltakande krattlegging i området. Det er ikkje beitande dyr i området.

4.2.3 Standsone




Figur 17: Bilete frå Ågotvika.

Strandsona langs nordsida av Ågotvika er prega av brattkyst og er nokså utilgjengeleg i dag. Tilgjenge til sjø er betre utifrå terreng inst i Djupevågen.



Figur.18: Djupevågen

4.2.4 Næring



Figur 19: Akvakulturanlegg er lokalisert nord for planområdet i Grunnevangen (kjelde : Fiskeridirektoratet 20.01.2011)

4.2.5 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrerte kulturminner eller kulturmiljø i eller i nærleiken av planområde jf. Askeladden, Fylkesatlas SFJ.

4.2.6 Naturverdiar og naturmangfald

Det er ikkje kartlagt sårbare artar eller viktige naturtypar/økosystem eller spesielle verdiar i høve biologisk mangfald, i området jfr. artsdatabanken: www.artsdatabanken.no og på fylkesatlas: www.fylkesatlas.no.

I følgje merknader motteke ved varsel om oppstart, er det i våtmarksområda registrert hekkeplassar for sjeldne fugleartar. Det er også observert Dobbeltbekkasin og Jordugle i området.

4.3 Miljøfaglige forhold

4.3.1 Solforhold

Solforholda i området er svært gode då planområdet ligg i eit ope landskap.

4.3.2 Støyforhold

Det er ingen kjende kjelder for støy i planområdet.

4.3.3 Luftforureining

Det er ingen kjende forureiningskjelder i planområdet og det er vurdert til å vere marginal luftforureining.

4.4 Trafikkforhold

4.4.1 Køyretilkomst

Planområdet har tilkomst frå fylkesveg 606, som følgjer planområdet si austlege grense. Fartsgrense 50 km/t.

4.4.2 Parkering


Det er i dag etablert parkeringsplassar innanfor planområdet på område o_SPA1.

4.4.3 Trafikkmengde og ulykkessituasjon

Planområdet ligg tett opp mot ein offentlig veg. Fylkesvegen aust for planområdet har ifølgje Statens vegvesen sin databasa ein ÅDT på 200. Det har på strekninga til fylkesvegen, som følgjer planområdet, ikkje vore registrert trafikkulukker i løpet av dei siste 4 åra (Statens vegvesen).

4.4.4 Trafikksikring for mjuke trafikantar

Det er etablert fortau langs fylkesveg 606 frå avkøyringa til bustadområde og mot Hardbakke.



Figur 20: Kart som viser fylkesvegen og tilkomstvegen til bustadområde innanfor planområdet. Kjelde: NVDB.

4.5 Sosial infrastruktur Sosiale infrastruktur

4.5.1 Offentlege servicetilbod

Næraste tettstad er Hardbakke, som har offentlig tenestetilbod i form av helse- og posttenester, samt skule og barnehage.

4.5.2 Kollektivtilbod

Det er ikkje busstopp innanfor planområdet. Næraste haldeplass er lokalisert i Hardbakke.

4.6 Tekniske infrastruktur

4.6.1 Vatnforsyning og avlaup

Vassforsyninga til planområdet kjem frå kommunalt vassverk. Offentleg vassforsyning har god kapasitet. Avlaup er einskildanlegg til septiktank, der avlaupsvatet går til sjø (Djupevågen og Ågotvika på 15 m djupne).

4.6.2 Energiforsyning

Sunnfjord Energi er straumleverandør i området. Det er ikkje høgspenlinjer innanfor planområdet. Det er i dag lagt høgspenkabel inn til trafo (BE1) i planområdet.

4.6.3 Renovasjon

Solund kommune er tilknytt NGIR (eit interkommunalt selskap). NGIR si hovudoppgåve er å ta hand om hushaldningsavfallet og administrere mellom anna renovasjonskøyring, mottak av avfall på returpunkt, samt vidaresending av avfall. Dei yter tilsvarende tenester til næring.

4.7 Barn og unge sine interesser

Det er ikkje teikn til barneleik i planområdet. Slik området ligg i dag er det svært uframkomeleg både p.g.a. kupert terreng og tilvokse med siktagran. Tilkomst og tilrettelegging for friluftsliv på land vil bli betre ved utbygging av dette bustadområdet. Det vil verta etablert 2 felles leikeplassar innanfor planområdet, tenkt til leik og samlingsstad for ulike aldersgrupper.

Viktige nasjonale mål er å :


- sikre eit oppvekstmiljø som gir tryggleik mot fysiske og psyksike skadeverknader, og som har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om behova til barn og unge.
- ivareta det offentlege sitt ansvar for å sikre barn og unge dei tilbod og moglegheiter som samla kan gje den einskilde utfordringar og ein meningsfull oppvekst, uansett bustad, sosial og kulturell bakgrunn.

I Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging er det m.a. stilt krav til fysisk utforming. Planområdet må vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og annan helsefare. Det må finnast areal der barn kan utfolde seg og skape sitt eige leikemiljø. Dette føreset at areala er store nok og eignar seg for leik, gir høve for ulike typar leik til ulike årstider, og at dei kan nyttast av ulike aldersgrupper. Det er viktig å sikre areal til leik og møteplassar som er trafiksikre og eigna til bruk i dei ulike årstidene. Ved omdisponering av uregulert areal som barn nyttar som leikeareal skal arealet erstattast.

Området ligg i dag i eit naturområde med gode fiske og bademoglegheiter. Det er derfor godt eigna til leik og friluftsliv.

4.7.1 Universell utforming

I regjeringa sin handlingsplan for auka tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne finn vi følgjande definisjon og forklaring av universell utforming:



Figur 21: Kart som viser 4 busstopp, ein ladestasjon, ein barneskule, ein barnehage, ein butikk(daglegvare), eit idrettsanlegg og eit returpunkt i Hardbakke. Kjelde: Finn Kart.

”Universell utforming betyr at produkter, byggverk og uteområder som er i alminnelig bruk, skal utformes på en slik måte at alle mennesker skal kunne bruke dem på en likestilt måte så langt det er mulig uten spesielle tilpasninger eller hjelpemidler.

Dette inkluderer funksjonsnedsettelse knyttet til syn, hørsel, bevegelse, forståelse og følsomhet for miljøpåvirkning (astma- /allergi).”

Byggeområde, trafikkområde og offentlige uterom skal utformast med tilfredsstillende tilkomst. Vegar, uterom og gangvegar skal utformast slik at personar med nedsett funksjonsevne kjem seg lett fram.

5 Risiko- og sårbarheit (ROS-analyse)

Kommunen har ansvar for å sikre forsvarleg bruk og vern av areal og bygningar i kommunen. Det er viktig at aktuelle risikofaktorar vert vurdert ved endring av arealbruk. Tema som treng nærare utgreiing er omtalt i planomtalen. I samsvar med ny plan- og bygningslov § 4-3 samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarheitsanalyse er det vurdert alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betyding for om området er eigna til utbyggingsformål og kva eventuelle tiltak som må gjennomførast for å oppnå akseptabel risiko.

5.1 Metodikk for vurdering av hendingar

Sjekklista nedanfor baserer seg på Sogn og Fjordane Fylkeskommune sin «Rettleiar for utarbeiding av reguleringsplanar» (okt.2011). Analysen er gjennomført av Nordplan AS i nært samarbeid med kommunen. ROS er utført i samsvar med teknisk forskrift (TEK) kap.7 Sikkerhet mot naturpåkjenningar. Kjelder som har vorte brukt: www.fylkesatlas.no, Nasjonal vegdatabank, Norges geologiske undersøkelse, Norges vassdrags- og energidirektorat, Sunnfjord energi, Meteorologisk institutt og Direktoratet for samfunnssikkerhet.

Analysen byggjer på:

- Rettleiar frå Direktoratet for samfunnssikkerhet.
- Sunnfjord Geo Consulting- Skredfarevurdering, datert mai 2014
- Kommentar til skredvurdering datert 19.mai 2014
- Innkomne merknader til planoppstart.

5.1.1 Sannsyn og konsekvens

Sannsyn:		
5	Svært sannsynleg	Kvart år
4	Mykje sannsynleg	Ein gong mellom kvart år og 10. år
3	Sannsynleg	Ein gong mellom kvart 10. og 50. år
2	Mindre sannsynleg	Ein gong mellom kvart 50. og 100 år
1	Lite sannsynleg	Sjeldnare enn ein gong per 100 år

Konsekvens		Sikkerhets- klasse for skred	Konsekvens liv, helse og miljø
5	Svært alvorleg/katastrofalt	Særleg stor	Personskade som medfører død eller varige men; mange skadd; langvarige miljøskadar
4	Alvorleg/farleg	3 stor	Behandlingskrevjande person- eller miljøskadar og kritiske situasjonar
3	Betydeleg/kritisk	3 stor	Kan føre til alvorlege personskadar/belastande forhold for ei gruppe personar, alvorleg miljøskade
2	Mindre alvorleg/ein viss fare	2 Middels	Få/små person eller miljøskadar/ belastande forhold for einskildpersonar
1	Ubetydeleg	1 liten	Ingen person eller miljøskadar/einskilde tilfelle av missnøye

5.1.2 Risikomatrise for planforslaget

Konsekvens	1 Ubetydeleg ufarleg	2 Mindre alvorleg/ ein viss fare	3 Betydeleg / kritisk	4 Alvorleg/ Farleg	5 Svært alvorleg/ Katastrofalt
Sannsyn					
5 Svært sannsynleg/ kontinuerleg	5	10	15	20	25
4 Mykje sannsynleg/ periodevis	4	8	12	16 Skredfare/ lausmasser/ utgliding	20
3 Sannsynleg/ fleire enkelt-tilfelle	3	6 Trafikk-ulykker. Havnivåstigning/stormflo	9	12	15 Sløkkevasskapasitet
2 Mindre sannsynleg/ kjende tilfelle	2	4	6 Nedbør. Vind.	8	10
1 Lite sannsynleg/ ingen tilfelle	1	2	3	4	5

Dess høgare tal, dess høgare sannsyn og negative konsekvensar. Risikomatrisa er henta frå Miljøverndepartementet sitt vedlegg 1 vedkomande ROS-analyse.

Tiltak som reduserer sannsyn skal fyrst vurderast. Om dette ikkje gir effekt eller er mogeleg, skal tiltak som avgrensar konsekvensane vurderast.

5.1.3 Forklaring til risikomatrisa

Hending	Risiko	Tiltak
Hending i grønt felt:	Ikkje signifikant risiko	Risikoreduserande tiltak kan vurderast. Fleire risiko-reduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar.
Hending i gult felt:	Akseptabel risiko (ALARP-sone = As Low As Reasonable Practicable).	Tiltak må vurderast/ gjennomførast for å redusere risikoen så mykje som råd. Det vil ofte vere naturleg å leggje ein kost-nytteanalyse til grunn for vurdering av endå fleire tiltak som kan redusere risiko.
Hending i raudt felt:	Uakseptabel risiko	Tiltak må setjast inn for å redusere til grønn/gul. Her skal risikoreduserande tiltak gjennomførast, alternativt skal det utførast meir detaljerte ROS-analysar for ev. å avkrefte risikonivået.

5.1.4 Moglege hendingar, vurdering av konsekvensar og sannsyn

Risiko = Sannsyn x Konsekvens.

Dess høgare tal, dess høgare sannsyn og negative konsekvensar:

5.2 No og etter utbygging.

Hending /situasjon NO	Aktuelt?	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar/tiltak
Natur og miljøforhold Er området utsett for:					
Snø eller/steinskred/-sprang ?	Ja	Mykje sannsynleg/ periodevis 4	Alvorleg/ Farleg 4	16= Uakseptabel risiko	Naudsynt med manuell reinsk, fanggrøft og fjellbolting innanfor deler av planområdet.
Vind ?	Ja	Sannsynleg/enkelt tilfeller 3	Mindre alvorleg – ein viss fare 2	6=akseptabel risiko	Sterk vind er generelt tilstade langs kysten, men vert vurdert til å ikkje utgjere ein stor risiko for området.
Auka nedbørsmengder/ ekstremnedbør?	Ja	Sannsynleg/fleire enkelt tilfelle 3	Mindre alvorleg – ein viss fare 2	6=akseptabel risiko	Tiltak: dreneringssystem. God kapasitet på grøfter og stikkrenner.
Flodbølge som følge av skred? Kvikkleire eller annan ustabilitet ? Flaum/ flaumskred ? Overvatn ? Havnivåendring/stormflo? Radon ? Skog-/lyngbrann ? Stormflo ? Sårbar flora?	Nei Nei Nei Ja Nei Nei Nei	Mindre sannsynleg/ kjende tilfeller 2	Betydleg/kritisk 3	6=akseptabel risiko	Havnivåstigning/stormflo.
Verneområde?	Nei			Ikkje signifikant.	
Vassdragsområde ?	Nei			Ikkje signifikant.	
Kulturminne/-miljø?	Nei			Ikkje signifikant.	
Verksemdrisiko Er det i området :					
Anlegg/verksemdar som kan utgjere risiko ?	Nei			Ikkje signifikant	Ingen kjende.
Hending /situasjon NO	Aktuelt?	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar/tiltak
Forureining Er det i området:					
Forureining?	Nei			Ikkje signifikant	Ingen kjende. Kjelde KLIF.
Støy og støv (industri, trafikk, m.v.)	Nei			Ikkje signifikant	
Forureina grunn?	Nei			Ikkje signifikant.	Ingen kjende. Kjelde KLIF.
Høgspenteleidning?	Nei			Ikkje signifikant.	
Anlegg for avfallsbehandling?	Nei			Ikkje signifikant.	
Beredskap Er det i området :					

God tilkomst for utrykkingskøyrety?	Ja	Lite sannsynleg/ ingen kjende tilfeller 1	Mindre alvorleg – ein viss fare 2	2= Ikkje signifikant risiko	Det er god tilkomstveg.
Tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet?	Nei	Sannsynleg/fleire enkelt tilfelle 3	Svært alvorleg/ Katastrofalt 5	15= Uakseptabel risiko	Må etablerast brannuttak innanfor planområdet. Vassleidning med godt vasstrykk.
Infrastruktur Er området utsett for:					
Trafikkulykker?	Nei	Mindre sannsynleg/ kjende tilfeller 2	Betydleg/kritisk 3	6=akseptabel risiko	Det er ikkje registrert trafikkuhell på vegen inn i planområdet.
Manglande kapasitet i kraftforsyninga?	Nei			Ikkje signifikant.	
Manglande kapasitet i tele/dataforsyning?	Nei			Ikkje signifikant.	
Manglande kapasitet i VA-system?	Nei			Ikkje signifikant.	
Andre forhold					
Fare for sabotasje/ terror, kriminalitet, vatn med usikker is, terreng-formasjonar, gruver	Nei			Ikkje signifikant.	

Hending /situasjon ETTER	Aktuelt?	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar/tiltak
Natur og miljøforhold Er området utsett for:					
Snø eller/steinskred/-sprang ?	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle 1	Alvorleg/ farleg 4	4= Ikkje signifikant risiko	Etter gjennomføring av tiltak som manuell reinsk, fanggrøft og fjellbolting, er risikoen redusert til ikkje signifikant risiko.
Vind ?	Ja	Sannsynleg/enkelt tilfeller 3	Mindre alvorleg – ein viss fare 2	6=akseptabel risiko	Sterk vind er generelt tilstade langs kysten, men vert vurdert til å ikkje utgjere ein stor risiko for området.
Auka nedbørsmengder/ ekstremnedbør?	Ja	Sannsynleg/fleire enkelt tilfelle 3	Mindre alvorleg – ein viss fare 2	6=akseptabel risiko	Tiltak: dreneringssystem. God kapasitet på grøfter og stikkrenner.
Flodbølge som følge av skred? Kvikkleire eller annan ustabilitet ? Flaum/ flaumskred ? Overvatn ? Havnivåendring/stormflo? Radon ? Skog-/lyngbrann ? Stormflo ? Sårbar flora?	Nei Nei Nei Ja Nei Nei Nei	 Sannsynleg/fleire enkelt tilfelle 3	 Ubetydeleg/ufarleg 1	 3= Ikkje signifikant risiko	 Etter gjennomføring av tiltak, er risikoen redusert til ikkje signifikant risiko.
Verneområde?	Nei			Ikkje signifikant.	
Vassdragsområde ?	Nei				
Kulturminne/-miljø?	Nei			Ikkje signifikant.	
Verksemdrisiko Er det i området :					
Anlegg/verksemdar som kan utgjere risiko ?	Nei			Ikkje signifikant	Ingen kjende.
Lager med farlege stoff (væsker, gassar, eksplosiv m.m.)	Nei			Ikkje signifikant	Ingen kjende.
Forureining Er det i området:					
Fare for akutt forureining ?	Nei			Ikkje signifikant	

Hending /situasjon ETTER	Aktuelt?	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar/tiltak
Forureining Er det i området:					
Permanent forureining?	Nei			Ikkje signifikant	Ingen kjende. Kjelde KLIF.
Støy og støv (industri, trafikk, m.v.)	Nei			Ikkje signifikant	
Forureina grunn?	Nei			Ikkje signifikant.	Ingen kjende. Kjelde KLIF.
Høgspenteleidning?	Nei			Ikkje signifikant.	
Anlegg for avfallsbehandling?	Nei			Ikkje signifikant.	
Beredskap Er det i området :					
God tilkomst for utrykkingskøyrety?	Ja	Lite sannsynleg/ ingen kjende tilfeller 1	Mindre alvorleg – ein viss fare 2	2= Ikkje signifikant risiko	Det er god tilkomstveg.
Tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet?	Nei	Mindre sannsynleg/ kjende tilfeller 2	Betydleg/kritisk 3	6=akseptabel risiko	Må etablerast brannuttak innanfor planområdet. Vassleidning med godt vasstrykk.
Infrastruktur Er området utsett for:					
Trafikkulykker?	Nei	Mindre sannsynleg/ kjende tilfeller 2	Betydleg/kritisk 3	6=akseptabel risiko	Det er ikkje registrert trafikkuhell på vegen inn i planområdet.
Manglande kapasitet i kraftforsyninga?	Nei			Ikkje signifikant.	
Manglande kapasitet i tele/dataforsyning?	Nei			Ikkje signifikant.	
Manglande kapasitet i VA-system?	Nei			Ikkje signifikant.	
Andre forhold					
Fare for sabotasje/ terror, kriminalitet, vatn med usikker is, terreng-formasjonar, gruver	Nei			Ikkje signifikant.	

5.3 Kommentar og tiltak

5.3.1 Skred

ROS er utført i samsvar med teknisk forskrift (TEK) kap.7 *Sikkerhet mot naturpåkjenninger*.

Skred, TEK10 § 7.3

" 1. Byggverk hvor konsekvensen av et skred, herunder sekundærvirkninger av skred, er særlig stor, skal ikke plasseres i skredfarlig område.

2. For byggverk i skredfareområde skal sikkerhetsklasse for skred fastsettes. Byggverk og tilhørende uteareal skal plasseres, dimensjoneres eller sikres mot skred, herunder sekundærvirkninger av skred, slik at største nominelle årlige sannsynlighet i tabellen nedenfor ikke overskrides."

Sikkerheitsklasse for skred	Konsekvens	Største nominelle årlege sannsynlegheit
S1	liten	1/100
S2	middels	1/1000
S3	stor	1/5000

Tabell: Sikkerheitsklassar ved plassering av byggverk i skredfareområde

Sikkerheitsklasse S1 omfattar tiltak der eit skred vil ha liten konsekvens. Dette kan t.d. vere byggverk der det normalt ikkje oppheld seg personar og der det er små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Døme på byggverk som kan inngå i denne sikkerheitsklassen er mindre garasjar, båtnaust, bodar, lagerskur med lite personopphald og mindre kaier for sport og fritid.

Sikkerheitsklasse S2 omfattar tiltak der eit skred vil føre til middels konsekvensar. Dette kan t.d. vere byggverk der det normalt oppheld seg anslagsvis maksimum 10 personar og/eller der det er middels økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Døme på byggverk som kan inngå i denne sikkerheitsklassen er einebustad, tomannsbustad, fritidsbustad med inntil to bueiningar, små bygg for næringsdrift, mindre driftsbygg i landbruket, samt mindre kaier og hamneanlegg. For bygg som inngår i sikkerheitsklasse 2 kan kravet til sikkerheit for tilhøyrande uteareal reduserast til sikkerheitsnivået som er angitt for sikkerheitsklasse S1 (1/100). Dette fordi eksponeringstida for personar og dermed faren for liv og helse normalt vil vere vesentlig lågare utanfor bygga.

Sikkerheitsklasse S3 omfattar tiltak der konsekvensen av ein skredhending er stor. I dette ligg det til dømes byggverk der det normalt oppheld seg anslagsvis over 10 personar og/eller der det er store økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Døme på byggverk som kan inngå i denne sikkerheitsklassen er einebustader i kjede/rekkehus med tre einingar eller meir, bustadblokker, brakkeriggjar, næringsbygg, større driftsbygningar, skular, barnehagar, lokale beredskapsinstitusjonar, overnattingsstadar og publikumsbygg. For bygg som inngår i sikkerheitsklasse S3 kan det vurderast å redusere kravet til sikkerheit for tilhøyrande uteareal til sikkerheitsnivået som er angitt for sikkerheitsklasse S2 (1/1000), dersom dette vil gi tilfredsstillande sikkerheit for tilhøyrande uteareal. Moment som må vurderast er eksponeringstida for personar, tal personar som oppheld seg på utearealet, mm.

Til dette arbeidet må det nyttast tilstrekkeleg fagkompetanse og det må definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK10).

Solund kommune er ikkje spesielt utsett for ras. Område for steinsprang er likevel noko vanleg. I høve skred er alle fjellskråningar med over 30 grader helling rekna som potensielt skredfarlege.

Når det gjeld steinsprang, vert det vist til aktsemdskart utarbeida av Norges geologiske undersøkelse(NGU) lagt ut på www.fylkesatlas.no.


På bakgrunn av feltobservasjonar, supplert med kart og fotografiske data, klimadata, historiske data og enkle matematiske modelleringar, har Sunnfjord Geo Consulting AS gjort ei heilskapleg skredfarevurdering ved planområde ved Klubben, Hardbakke i Solund kommune

Planområdet er avgrensa av sjøen og til dels bratte fjellskråningar. Området består for det meste av bart fjell, enkelte stadar med eit tynt lag morenejord og forvittringsmateriale. Nedslagsfeltet for nedbør er avgrensa til å gjelde planområdet og er lite. Dette, i lag med lite lausmassar, gjer at faren for jordskred, massestraum, flaumskred og flaum vert vurdert som liten. Ved utbygging i austlege del av planområdet vert det viktig at røyr og drenering vert dimensjonert med tanke på auka avrenning i framtida.

Fleire av dei planlagde tomtene ligg innanfor modellert utløpsområde for steinsprang i fylgje NVE m.fl sine aktsemdkart. Desse modelleringane tek berre omsyn til hellingsgradient. Feltarbeidet viste at er fleire reelle kjeldeområde for steinsprang i det undersøkte området, og mykje steinsprangmateriale vart observert. På bakgrunn av feltarbeidet og dei eksterne data vart det laga eit faresonekart. Faresonekartet viste at delar av områda til bustader ikkje oppfyller krava til tryggleiksklasse 2 som er gjeldande for denne type bygg. For at denne type bygg skal byggast trengst det difor sikringstiltak.

Bergarten i området er eit konglomerat og er generelt svært stabil. Sikringstiltaka som er foreslått består av reinsking i kjeldeområda og eventuelt enkelt bolting eller netting. Planområdet har kupert terreng og det vil verte naudsynt med til dels store inngrep for at bygging skal verta mogeleg i dette området. I enkelte tilfelle vert det antatt at ein del lokale kjeldeområde for steinsprang dermed vert fjerna, men vi kan likevel ikkje utelukka at inngrep i seg sjølv avdekkar nye kjeldeområde. Faresonekartet byggjer på dagens situasjon. Etter at inngrepa er utført og sikringstiltaka gjennomført vil det dermed verta behov for ny geologisk vurdering.

Klimastatistikk viser at det er lite snø i dette området, og gjeldande prognosar viser at snømengda vil reduserast ytterlegare dei komande hundre åra. Topografien avgrensar i tillegg akkumulasjonspotensialet for snø. På bakgrunn av dette konkluderer vi med at det ikkje er fare for snøskred i planområdet. På grunn av dette, samt låg vassføring, vert også faren for sørpeskred vurdert som ikkje reell.



Figur 22: Faresonekart for steinsprang ved planområdet ved Klubben, Hardbakke.

Tiltak: Sjå Kapittel 6-«Forslag til sikringstiltak» i rapport Rapport frå Sunnfjord Geo Consulting AS (datert mars 2014) «Skredfarevurdering ved Klubben i Hardbakke, Solund kommune».

Omsynssoner i planen

I plankartet er faresonene lagt inn som omsynssoner H310, i samsvar med utarbeida rapport frå Sunnfjord Geo Consulting AS.

5.3.2 Havnivåendringar og stormflo

Det vert vist til Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap sin rapport «Havnivåstigning- estimer av framtidig havnivåstigning i norske kystkommuner» (revidert utgåve 2009) og «Håndtering av havnivåstigning i kommunal planlegging» (desember 2011).

Det er knytt til dels store usikre moment til sjølve havnivåstigninga grunna global oppvarming. Ein må difor nytte rapporten med varsemd og gjere lokale vurderingar. Havnivåendringane vil skje gradvis over tid, slik at ein må vurdere konsekvensane i høve til dette. For Solund kommune er det i rapporten estimert slike endringar for år 2100 relativt år 2000:

Landheving: 19 cm
 Berekna havstiging: 71 cm (usikkerhetsmargin 51 – 106 cm)
 100 års stormflo: 241 cm (usikkerhetsmargin 221 – 276 cm)

Kva for sikkerheitsklasse i TEK10 ulike typar byggverk høyrer inn under, er avhengig av konsekvensen ved oversvømmelse. For dette området på Hardbakke gjeld sikkerheitsklasse F1, det er tiltak der oversvømmelse har liten konsekvens. Det omfatta byggverk med lite personopphald og små økonomiske eller samfunnsmessige konsekvensar f.eks garasje og naust. For sikkerheitsklasse F1 gjeld stormflotal der stormflo har ein gjentaksintervall på 20 år. Dvs. areal som risikera å verta oversvømt av ein stormflo som er berekna til å opptre kvart 20 år.

Geografiske strekninger	Gjentaksintervall 20 år	Gjentaksintervall 200 år	Gjentaksintervall 1000 år
Oslofjorden – Arendal	~30 cm	10 cm	40 cm
Arendal – Trondheimsfjorden til og med Snillfjord kommune	~15cm	10 cm	25 cm
Snillfjord – Vestfjorden (Narvik)	~25cm	10 cm	35 cm
Harstad (nord for Lofoten) – Kirkenes	~20cm	10 cm	25 cm

Ved å ta utgangspunkt i stormflo tal frå DSBs (år 2100), og tal frå Statens kartverk (20 års stormflo) vist over og bølgepåverking (bølgehøgde i dette området er sett til 0,5m, kan variere noko i området), kjem ein fram til kva areal (høgdekote) som vert oversvømt av ein 20 års stormflo.

For planområdet er dette kotehøgde $2,76m - 0,15m + 0,5m = 3,25m$.

Då livsalder for bygg er 50 år har ein valt å redusere på sikkerheitskrav for nivå på kai og 1. etasje på bygg.

Forslag til tiltak: Med omsyn til stormflo vert nivå på 1.etasje sett til kote 2,6 moh i føresegnene.

Pga. forventta havnivåstigning må det ikkje oppførast bygg med lågare høgde på golv enn c + 2,6. Bygging kan tillatast dersom det vert bygd med vasstett konstruksjon eller dimensjonar og konstruksjon som toler belastninga, så ein unngår skadar. Ved plassering av tekniske anlegg under c + 2,6 må det plasserast i ein vasstett konstruksjon eller tola å stå under vatn.

Hending er vurdert til å vera sannsynleg/ fleire enkelt tilfelle, med ei viss fare/ mindre alvorleg konsekvens. Vurderinga tek høgde for dei momenta som DSB angir som viktige: stormflo, forventta havnivåstigning og bølgepåverknad/ lokale forhold.

Ved etablering av nye bygningar lågare enn nivået for ein 20 års stormflo, skal tiltaket ved planlegging og byggesakshandsaming vurderast i høve stormflo/havnivåstigning.

5.3.3 Trafikkulykker

Vegen inn i planområdet er oversiktleg med liten trafikk og låg fart.

Avkøyrse til området frå Fv606 har god sikt i begge retningar. Fartsgrensa er 50 km/t. Det er ikkje registert alvorlege ulykker dei siste åra.

Hending er vurdert til å vera sannsynleg/ fleire enkelt tilfelle, med ei viss fare/ mindre alvorleg konsekvens.

5.3.4 Sterk vind

Vestlandskysten er svært utsett for vêr og vind, og vêret fører årleg til store skader på materielle verdiar, og då er det vind frå sør og sørvest som er mest framtrédande.

Det må takast høgde for aukande stormfrekvens i framtida når bustader og viktig infrastruktur skal utarbeidast.

Sterk vind er vert vurdert til å ikkje utgjere ein stor risiko.

Hending er vurdert til å vera sannsynleg/ fleire enkelt tilfelle, med ei viss fare/ mindre alvorleg konsekvens.

5.3.5 Auka nedbørsmengder/ ekstremnedbør

Årleg nedbør vert forventa å auke med 20% fram mot 2100. Vinternedbøren kan auke med heile 40% på Vestlandet.

Hyppige periodar med ekstremnedbør og høgare nedbørsintensitet (meir enn 70 mm på under ein time) gjev større risiko for flaumar i mindre vassdrag og bekkar.

Det er planlagt ny utbygging der tiltak vil medføre lukking av store flater.

Eit våtare og mildare klima kombinert med slagregn vil auke sjansen for bygningsskadar, særleg på sørvende delar av bygningar.

Tiltak:

Avløpssystem og evt. naturlege dreneringssystem som vert oppretthaldne skal kunne takle ekstremnedbør på 140 mm i løpet av 24 timar.

Ved opparbeiding av området må overvatn takast hand om slik at området vert tilstrekkeleg drenert. God kapasitet på grøfter og stikkrenner, evt. bruk av regnbed og opne bekkeløp.

Utbyggjar må verte oppfordra til å rette merksemda mot trongen for vêrbestandige byggematerialar og metodar.

Hending er vurdert til å vera sannsynleg/ fleire enkelt tilfelle, med ei viss fare/ mindre alvorleg konsekvens.

5.3.6 Sløkkjevasskapasitet

Brannsjef i Solund kommune: «Sløkkjevasskapasiteten inn til feltet er tilfredstillande og brannhydrant/ kom er i samsvar med VA-norm. Det er og tilkomst til sjø for henting av sløkkevatn der ved større hendingar».

Det skal etablerast kommunal vassleidning inn i planområdet som sørgje for at vassforsyninga i området er tilstrekkeleg til å dekke brannvesenets behov for sløkkevatn.

5.3.7 Tiltak for hendingar med uakseptabel risiko

Skredfare-tiltak for rassikring. Naudsynt med manuell reinsk, fanggrøft og fjellbolting innanfor deler av planområdet.

Sløkkjevasskapasitet- etablerast kommunal vassleidning inn i planområdet

6 Innhald i planen

6.1 Utfordring, målsetting og strategi

6.1.1 Målsetting

Gjennom reguleringsendringa skal ein vurdere talet på bustadtomter, plassering av dei og den samla arealutnyttinga i feltet. Planarbeidet skal og klargjere arealformål og bruk av strandsone i Djupevågen og tilkomstveg internt i bustadfeltet.

6.1.2 Utfordringar

Endring av planen til bustadformål vil i størst mogeleg grad følgje dei utbyggingsområda i eksisterande plan, med enkelte tilpassingar. Solund er i aller høgste grad ein sjøkommune der ca 79% av bygningsmassen ligg i 100m beltet (kjelde: Strandsonerettleiaren til Sogn og Fjordane, 2003). Det er utarbeidd ein strandsoneanalyse for Solund og ein prøver å følgje den rettleiinga som denne gjev.

6.2 Areal

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Areal (daa)
Bustader-frittliggjande-småhus (9)	20,96
Energianlegg	0,03
Leikeplass (2)	0,73
Renovasjonsanlegg (2)	0,03
Uthus/naust/badehus (2)	1,41
Sum areal denne kategori:	23,14
§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
Annan veggrunn - grøntareal (12)	2,28
Køyreveg (3)	4,39
Parkeringsplassar (2)	0,53
Sum areal denne kategori:	7,21
§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift	Areal (daa)
Friluftformål (7)	90
Sum areal denne kategori:	90
§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone	Areal (daa)
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	37,33
Kaste- og låssetjingsplassar	6,77
Friluftsområde i sjø og vassdragFriluftsområde i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	1,06
Småbåthamn (2)	7,45
Sum areal denne kategori:	52,62

Planområdet har eit totalt areal på 172 dekar (daa). Arealet er fordelt på dei ulike reguleringsformåla slik tabellen viser.

6.3 Bygningar og anlegg

6.3.1 Eksisterande bustadtomter, BFS1

Planen inneheld ei eksisterande tomt for bustad. BFS1 har eit totalt areal på 1,4 daa. Innanfor BFS1 kan det etablerast bustad, med tilhøyrande parkeringsplass/garasje og leikeplass. Føresegnene opnar for %-BYA=25 %, med bygg på inntil to etasjar.

6.3.2 Nye bustadtomter, BFS2-BFS9

Planen inneheld 19 nye bustadtomter (frittliggande småhus). Tomtene har varierende storleik frå ca. 830 m² for den minste tomte til ca. 1500 m² for den største tomte.

I felt BFS2-BFS9 kan det etablerast eine- og tomannsbustader.

Nybygg skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med sin funksjon, og tilpassast eksisterande tomte- og utbyggingsstruktur, terreng/vegetasjon og tilgrensande bygg ved plassering, utnyttingsgrad, volum, takform, material- og fargeval. Kloakkløsning, vassforsyning og vegtilkomst skal vere godkjent før utbygging.

Føresegnene opnar for %-BYA=35 %. Bygg utan kjellar kan oppførast med inntil 2 etasjar. Bustader med kjellar kan vere på maksimalt 2,5 etasjar.

Gesimshøgde skal ikkje overstige 7,0 m for bygningar med vanlig saltak, og mønehøgde skal ikkje overstige 9,0 m.

Gesimshøgde skal ikkje overstige 7,5 m for bygningar med flatt tak, og mønehøgda skal ikkje overstige 9,0 m.

På kvar tomt skal det reserverast plass for ein garasje med maksimal grunnflate 50m², mønehøgde maks 5,5m over garasjergolv. Det er lov med kjellar på garasje der alternativet er ei stor fylling.

6.3.3 Naust

I Djupevågen er det sett av eit areal til nye fellesnaust, området f_BUN1. BUN2 er eit eksisterande privat naust. I sjøområdet utanfor BUN2 er det tillate å legge ut ei flytebrygge.

Naust kan oppførast inntil 1 ½ etasje og med 38-45 graders mønetak. Gesimshøgda kan vere inntil 3,6 meter.

Materialbruk skal vere trepanel og tekking av skifer, uglasert teigstein, torv eller tradisjonelt bølgeblikk. Bygning skal tilpassast tradisjonell byggeskikk i området ved fasadeuttrykk, proporsjonar, farge- og materialbruk.

Grad av utnytting settast til maks %-BYA= 45 %

I strandsona må det ikkje førast opp gjerde, murar eller anna som kan hindre fri ferdsel.

I f_UN1 kan det oppførast til saman 12 naust, med grunnflate inntil 32m². Nausta skal byggast i 3 grupper på 4 samanhengande naust i kvar gruppe med minimum 1,5m mellom kvar gruppe.

Det vert ikkje tillate med rom for varig opphald på naustlem.

6.3.4 Leikeplass, f_BLK1-f_BLK2

Felles leikeplassar for bustadfelt BFS1-BFS9. Leikeplass f_BLK2 er eit stort fellesareal som er tenkt til leik og samlingsstad for ulike aldersgrupper.

6.3.5 Energianlegg, BE1

Det er sett av eit område for etablering av energianlegg (trafo), vist som BE1 på plankart.

6.3.6 Renovasjonsanlegg

Det er avsett to fellesområder, f_BRE1-f_BRE2, der avfallsbeholdarar skal framsettast for tømning og der ein kan etablere felles postkassestativ.


6.3.7 Utnyttingsgrad

Tomteutnyttinga vert utrekna etter Rettleiar for utnytting. Den er vist med prosent bebygd areal, %-BYA, og er vist på plankartet.

Bebygd areal vert berekna etter § 3-4. og er summen av areal til:

- Bygget
- overbygde opne areal
- nausynt parkeringsareal
- konstruksjonar som er meir enn 0,5 meter over gjennomsnitt terrengnivå
- Utkraga bygningsdelar med fri høgde over terreng mindre enn 5 m

Sjå figur frå rettleiar Grad av utnytting nedanfor.



6.4 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Avkøyring til bustadfelt på Klubben følgjer dagens avkøyring frå Fv606 i eit område med fartsgrense 50 km/t (kjelde: Nasjonal vegdatabank). Tilkomst til bustadfeltet vert i reguleringsplanen planlagt i tråd med handbok 017. Frisiktssone følgjer måla for primærveg med fartsgrense 50 km/t og trafikkmengde under 100 ÅDT på sekundærveg. Siktkrava vert ivaretatt innanfor ein trekant på 6x55m.

6.4.1 Køyreveg

Veg o_SKV1 er ein offentleg veg gjennom bustadfeltet med ei vegbreidde på totalt 5m, inkludert 0,5 m skulder på kvar side. Det er avsett 1,5m på kvar side langs med vegen til grøft (annan veggrunn).

I enden av tilkomstvegen er det rundkøyring for vogntog.

Veg SKV2 er privat veg for bustadtomt BFS1. Vegbreidde på totalt 4m, inkludert 0,5 m skulder på kvar side. Det er avsett 1m på kvar side langs med vegen til grøft (annan veggrunn).

Veg o_SKV3 skal nyttast som tilkomstveg for vedlikehald av rasvoll som er etablert ved bustadfelt BFS4.

Vegtype A=adkomstveg, siktkrav i kryss 4m * 20m, fartsgrense 30km/t og dimensjonerande køyrety er lastebil.

6.4.2 Parkering

Storleik følger Statens vegvesen si tilrådde norm, Håndbok N100. Størrelsen på parkeringsarealet er 2,5m * 5m. Det er etablert 9 parkeringsplassar på o_SPA1 og 11 plassar på o_SPA2.

6.4.3 Anna veggrunn – grøntareal

SVG er areal som naturleg høyrer til vegen, som grøft, skjering, fylling, mur, rekkverk m.m.

6.4.4 Tilknytting til infrastruktur

Vidareføring av eksisterande vassleidningar ved opparbeiding av vegsystemet inn i bustadområdet. Offentleg vassforsyning har god kapasitet. Avlaup vert einskildanlegg til septiktank, der avlaupsvatnet går til felles avlaupsleidning til sjø (Djupevågen og Ågotvika på 15 m djupne).

Det er i dag lagt høgspenkabel inn til trafo (BE1) i planområdet. Høgspenken skal her transformerast ned til 415V og førast fram til bustadane via kabel i køyrevegen inn i området.

6.5 Landbruks-, natur og friluftsføremål

6.5.1 Friluftsmål, LF

Området rundt byggeområda (naust, bustad og veg) er regulert til friluftsmål. Dette skal vere til bruk for ålmenta til rekreasjon og opphald. Områda skal også kunne nyttast som aktivitets/fritidsområde for barn og ungdom. Vegetasjonen skal holdas mest mogleg urørt, men det kan etableras naturstiar.

6.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag

6.6.1 Småbåthamn

Det er regulert ei felles småbåthamn, f_VS1 og f_VS2 i Djupevågen.

I området f_VS1 er det tenkt nytta utliggarar for båtar. Arealet f_VS2 kan fyllast ut i sjø.

Mudring og fylling i sjø er regulert av kap.22 i ureiningsforskrifta og/eller §11 i ureiningslova, og krev eige løyve frå Fylkesmannen.

Småbåthamna er felles for alle bustadområda.

6.6.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone


Området VFS1 er sjø og holmar regulert til friluftsområde av omsyn til brukarane i bustadfeltet og ålmenta sin tilgang til sjø og opphald. Området skal nyttast til rekreasjon og opphald.

6.6.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

Det er ikkje lov å gjere inngrep i denne sona. Bustadtomtene ligg tilbaketrekte frå sjøkanten for å sikre ålmenn tilgang i strandsona.

6.6.4 Kaste og låssetjingsplassar

Området VKL1 er avsett til kaste- og låssetjingpass. Det må ikkje leggjast ut flytebrygger/fortøyingar som vil hindre bruk av låssettingsplassen. Personar som skal bruke området på sjø og land må bli gjort merksame på at det til tider kan gå føre seg aktivitet både på dag- og nattestid ved låssetting. Låset kan bli ståande over tid.



Figur 23: Kaste- og låssettingsplassar markert som raudt (kjelde: Fiskeridirektoratet 12.07.2011)

Då Solund Fiskarlag har uttalt at den inste delen av vågen ikkje vert nytta til låssetting og ikkje vil vere i konflikt med framtidig småbåthamn/naust (jf. merknad frå Fiskeridirektoratet), finn ein det ikkje naudsynt å leggje inn feltet frå fig. 23 som eit føremål i reguleringsplanen. Det er berre området utanfor Djupevågen som vert lagt inn i planen som formål låssettingsområde.

6.7 Fareområde

Skredfare: Vedlagt er rapport frå Sunnfjord Geo Consulting AS (datert mars 2014) «Skredfarevurdering ved Klubben i Hardbakke, Solund kommune»

Faresonekartet viste at delar av bustadtomtene ikkje oppfyller krava til tryggleiksklasse 2 som er gjeldande for denne type bygg. For at denne type bygg skal byggast trengst det difor sikringstiltak.

6.8 Naturmangfald

§ 1 i naturmangfaldlova skal leggjast til grunn ved skjønnssutøving av planframlegget.

§ 1. Lovens formål

Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosess tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.

I tråd med formålet til naturmangfaldlova skal planframlegget legge til grunn ein berekraftig bruk og vern av naturen.

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12

Tiltaket er utgreia i forhold til naturmangfaldlovas miljørettslege prinsipp for offentlig avgjer (§8-12).

§8. (kunnskapsgrunnlaget)

Det er ikkje gjort spesielle kartleggingar innanfor planområdet eller influensområde, men det aktuelle området er undersøkt gjennom databasar som Naturbasen, Artskart, Miljøstatus Skog og landskap sine kart over miljøregistreringer, DN sine databaser og synfaring i området.

I forhold til storleiken på tiltaket og omfanget vert dette kunnskapsgrunnlaget vurdert som godt nok og vi meiner at § 8 er oppfylt.

§ 9. (føre-var-prinsippet)

Den sentrale ordlyden om at: «*Eksisterer det ein risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukas som grunngeving for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak*» vurderer vi ikkje er aktuell i denne saka då vi meiner at kunnskapen er god nok når det gjeld plan- og influensområdet sine naturverdiar.

I forhold til kunnskapsgrunnlaget føreligg det ikkje risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet og vi meiner at § 9 *Føre-var-prinsippet* er oppfylt.

§ 10. (Økosystemtilnærming og samla belastning)

Bygningar, anlegg, samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur er delvis eksisterande tiltak.

Nye tiltak i planen berører i all hovudsak areal som i dag er eit småkupert og opprive landskap med klynger av granskog og fjell– altså areal som driftas med stor grad av monokulturar – artsmessig sett. Konsekvensar av tiltak er dermed vurdert til å vere avgrensa med tanke på naturmangfald.

Samla belastning på økosystemet må sjåast i et større perspektiv enn planområdet. Det er ikkje kjent andre utbyggingstiltak som allereie belasta eller vil komme til å belaste førekomstane som er vurdert.

Tiltaket vert vurdert til å ikkje gje auka belastning på økosystemet i forhold til situasjonen i dag (§ 10 *Økosystemtilnærming og samla belastning*).

(§ 11 *Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*).

Kostnadene ved å hindre eller redusere skade på naturmangfaldet skal bærast av tiltakshaver.

-Utbygging av avlaupsnett og system for handtering av avløp.

(§ 12 *Miljøforsvarlig teknikker og driftsmetoder*).

Tiltakshavar vil nytte teknikkar og driftsmetodar som er mest mogleg skånsame når det gjeld natur og miljø.

Alternativ lokalisering av tiltaket er ikkje relevant då bustadane må ligge i tilknytning til

tilkomst/veg/eigedomsforhold/gjeldande reguleringsplan og ein ikkje kan sjå at tiltaket vil gje ein auka belastning av økosystemet eller skade på naturmangfaldet.

7 Konsekvensar av planframlegget

7.1 Konsekvens overordna planar

Detaljreguleringsplanen er ikkje i samsvar med overordna kommuneplan. Det som strir i mot er at ein regulerer for konsentrert småhusbusetnad og ikkje fritidsbustader.

7.2 Konsekvens landskap

Bygging av bustader på tomtene vil medføre endring av landskap og omgjevnader, og det vil få stor konsekvens for landskapet i området. I hovudsak er tomtene godt tilpassa til terrenget (tomteplassering og føresegner).

7.3 Konsekvens kulturminner og -miljø, evt. verneverdi

Det er ingen bygg eller tiltak innanfor planområdet, og det er ingen kulturminner eller kulturmiljø som grensar opp mot planen. Med grunnlag i dette er det konkludert med at planframlegget ikkje vil ha konsekvens for kulturminner eller kulturmiljø.

7.4 Konsekvens i høve krava i kap. II i Naturmangfaldlova

Det vert vist til kap. 6.8 Naturmangfald

7.5 Konsekvens rekreasjonsinteressar/rekreasjonsbruk

Dagens uframkommelege og lite brukt terreng skal tilretteleggast med veg og stiar som kjem bustadeigarar og ålmenta til gode. Positiv konsekvensen for auka rekreasjonsbruk.

7.6 Konsekvens trafikkforhold

Vil få ein liten auke i trafikken, men vegnettet har kapasitet til auke i transporten til og frå området.

7.7 Konsekvens universell tilgjenge

Området skal opparbeidast med tanke på universell utforming slik at folk med nedsett funksjonsevne kan nytta seg av området. Planen vil ha positiv konsekvens for universell tilgjenge, ved at nasjonale retningslinjer for universell tilgjenge skal ivaretakast, jf. føresegnene.

7.8 Konsekvens energibehov – energiforbruk

Vil få ein auke i energiforbruket innanfor bustadområdet.

7.9 Konsekvens ROS

Det vert vist til kap. 5 ROS-analyse.

7.10 Konsekvens jordressursar/landbruk

Planframlegget har ikkje verknad knytt til jordressursar/landbruk.

7.11 Konsekvens teknisk infrastruktur

7.11.1 Vatn og avløp

Planen vil medføre behov for opparbeiding av VA-anlegget som går gjennom planområdet.

7.11.2 Renovasjon

Planen vi auka behovet for renovasjonstjenester.

7.11.3 Kraftliner, trafo

Det vert vist til kap. 7.15 Energiforsyning

7.12 Konsekvensar for kommunen

Det er ønskeleg for kommunen å auke talet på bustader i området. Huseigarar i planområdet vil gjennom skatt bidra til å oppretthalde eksisterande servicetilbod i området.

7.13 Interessesetnader

Gjennom innspel til planoppstart kom det ikkje fram at naboar eller andre i området er skeptisk til å etabler eit bustadfelt innafor planområdet.

7.14 Avveining av verknad

Ein kan på bakgrunn av vurderingar over ikkje sjå at planforslaget har vesentlege negative konsekvensar.

8 Avsluttande kommentar


Reguleringsplanforslaget omfattar i hovudsak eit bustadfelt med tilhøyrande infrastruktur.

Ros-analysen eller konsekvensar av planforslaget har ikkje avdekt forhold som tilseier at tiltaket ikkje kan gjennomførst.

9 Vedlegg

Rapport frå Sunnfjord Geo Consulting AS (datert mai 2014) «Skredfarevurdering ved Klubben i Hardbakke, Solund kommune» og «Kommentar til skredfarevurdering ved Klubben» dater 19. mai 2014.

Illustrasjon



FØRESEGNER

DETALJREGULERINGSPLAN FOR BUSTADFELT HARDBAKKE -KLUBBEN, SOLUND KOMMUNE

Føresegner dagsett: 16.12.2015, Rev. A 04.04.2016, **Rev. B 28.05.2026**

Plankart dagsett: 16.12.2015, Rev. A 04.04.2016, **Rev. B 28.05.2026**

1 GENERELT

Desse føresegnene gjeld for området innanfor plangrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnar.

Føresegnene kjem i tillegg til det som vert bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter, samt vedtekter til plan- og bygningslova vedtekne av kommunestyret i Solund kommune.

Etter at desse føresegnene er vedtekne, er det i planområdet ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar i strid med reguleringsføresegnene.

Området er regulert til følgjande formål:

Bygningar og anlegg (pbl § 12.5 nr.1)

Bustader, frittliggande småhus

Energianlegg

Renovasjonsanlegg

Andre anlegg

Naust

Leikeplass

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §12.5 nr.2)

Køyreveg

Parkeringsplassar

Annan veggrunn, grøntareal

Grøntstruktur (pbl §12.5 nr.3)

Friluftsfarmål

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl §12.5 nr.6)

Småbåthamn

Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Kaste- og låssettingsplass

Omsynssone, faresone (pbl §12-6 / §11-8)

Ras og skredfare, H310

2 FELLES FØRESEGNER

2.1 Krav til byggesøknad

Bygg, anlegg og verksemdar skal utformast med sikte på å sikre gode løysingar og ta naudsynt omsyn til eksisterande miljø.

Søknad om løyve til tiltak skal innehalde ein detaljert, kotesett situasjonsplan. Denne skal vise bygningsvolum, handsaming av terreng og parkeringsplassar.

2.2 Plassering og definisjonar

Bygningar skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrenser. Der byggegrensa ikkje er vist, gjeld reglane i Plan- og bygningslova. Tillatt bebyggd areal (BYA) vert definert etter den til kvar tid gjeldande byggeteknisk forskrift. %-BYA angir tillatt bebyggd areal i prosent av tomta sitt areal. Parkering på bakkenivå vert rekna med i utnyttinga. Gesims- og kotehøgde vert rekna i samsvar med den til kvar tid gjeldande byggeteknisk forskrift, ut frå gjennomsnittleg planert terrengnivå.

Pga. forventa havnivåstigning må det ikkje oppførast bygg med lågare høgde på golv enn c + 2,6. Bygging kan tillatast dersom det vert bygd med vasstett konstruksjon eller dimensjonar og konstruksjon som toler belastninga, så ein unngår skadar. Ved plassering av tekniske anlegg under c + 2,6 må det plasserast i ein vasstett konstruksjon eller tola å stå under vatn.

Grensa for havnivå er sett der vasstand i sjø rekk, etter vurdering av stormflo, forventa havnivåstigning og bølgepåverknad, kote 3,25m. Ved etablering av nye bygningar lågare enn nivået for ein 20 års stormflo, skal tiltaket ved planlegging og byggesakshandsaming vurderast i høve stormflo/havnivåstigning.

2.3 Høgde på terreng, gjerde, m.v. mot offentleg veg og grøntareal

Terreng, gjerde, hekkar o.l. i føremålsgrensa langs offentlege vegar skal ikkje vere høgare enn 1,2 m over vegnivået, og 0,5 m ved kryss eller avkøyrslar. Sjå elles føresegnene som gjeld frisiktsone.

2.4 Terrengtilpassing, utomhusplan

Den ikkje-bygde delen av tomta skal utformast på ein tiltalande måte. Fyllingar og støttemurar skal så vidt mulig unngås, og det er ikkje tillate å ha skjemmaende skjeringar og fyllingar. Der det er behov for støttemurar mot nabotomt eller veg, skal desse i hovudsak utførast i naturstein. Kommunen kan påby at planeringshøgda blir senka eller heva slik at høgda på støttemuren blir redusert.

Saman med søknad om byggjeløyve kan kommunen krevje at det blir utarbeidd ein utomhusplan for delen av tomta som ligg mellom bygningane. Denne skal ved sidan av å vise bebyggd areal, også vise terrenghandsaming, eksisterande og ev. ny vegetasjon.

Ein bør i størst mogleg grad ta vare på og nytte eksisterande terreng, vegetasjon.

2.5 Parkeringsdekning

Det skal vere 2 p-plassar for bueining i frittliggjande småhus (einebustad) og 1 p-plass for sekundær bueining. Garasje inngår i dette som oppstillingsplass.

2.6 Automatisk freda kulturminner

Om det i samband med gravearbeida vert gjort funn av gjenstandar eller konstruksjonar, pliktar ein å stoppe arbeidet snarast og underrette kulturavdelinga i fylket for avklaring, jf. kulturminnelova §8 andre ledd. Tiltakshavaren pliktar å gje melding til Bergen sjøfartsmuseet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast.

2.7 Støy

Støyreduserande tiltak skal setjast i verk dersom krav gjeve i rundskriv T-1442 frå Miljøverndepartementet ikkje er tilfredsstilt. Utandørs støyforhold på uteplass og utanfor rom med støyfølsom bruk, skal ikkje overstige 55dBA L_{den} . Maks. lydnivå om natta (mellom kl. 23 og 07) skal ikkje overstige 70 dBA utandørs. For innandørs støynivå er kravet 30 dBA L_{den} .

2.8 Universell utforming

Planlegging og utbygging skal basere seg på prinsippet om universell utforming/tilgjenge for alle. Bygeområde, trafikkområde og offentlege uterom skal utformast med tilfredsstillande tilkomst. Offentlege uterom og gangvegar skal utformast slik at personar med nedsett funksjonsevne lett kjem seg fram. Universell utforming skal dokumenterast i byggesøknad.

2.9 Estetisk kvalitet

Bygg, anlegg og uteområde skal tilfredsstille rimelege omsyn til estetisk godt uttrykk både i seg sjølv og i forhold til omgjevnadene. Byggverk og offentlege uterom skal ha arkitektonisk kvalitet. I dette ligg det at det skal vere kvalitet både teknisk, funksjonelt og visuelt. Med byggverk vert det i tillegg til bygg og meint tekniske anlegg som t.d. vegar, gangvegar og kaier. For utomhusanlegg skal det leggjast vekt på miljømessige kvalitetar ved utforming, val av materialar, vegetasjon og lyssetting.

2.10 Krav om uteopphaldsareal for bustader

For alle husvære med meir enn to rom, skal det i rimeleg nær tilknytning til husværet vere uteopphaldsareal som er eigna til rekreasjon, leik og opphald. Som uteopphaldsareal kan reknast dei delar av tomta som ikkje er bebygd eller avsett til køyring og parkering, og er eigna til formålet. Uteplassen skal vere skjerma mot innsyn, uønska ferdsle og sterk støy. Plassen skal ha solinnfall. Arealet bør primært vere på bakken, men areal på terrasse/balkong kan også godtakast.

2.11 Utnyttingsgrad

Maksimal utnyttingsgrad er fastsett som %- BYA, etter reglane i TEK. Eit vilkår for å utnytte tomta med maksimal %-BYA, er at krav til byggehøgde, byggegrense og dokumentert parkeringsdekning er innfridd.

2.12 Kommunaltekniske anlegg

Innanfor byggeområdet og friluftsområde kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittståande bygg skal tilpassast dei andre bygningane på staden med omsyn til form og farge. Slike innretningar skal godkjennast av kommunen.

2.13 Drenering, tilgang til kommunaltekniske anlegg

Innanfor kvar tomt må utbyggjar sørje for nødvendig drenering for overvatn og grunnvatn.

Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med nødvendig vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

2.14 Tiltak og fylling i sjø

All utfylling skal skje med reine bestandige materiale.

Før det kan startast arbeid med fylling i sjø skal det liggje føre godkjent plan for omfanget av fyllingsarbeid. For avslutning mot naboeigedom skal fylling planleggjast i samråd med naboeigedom.

Det skal vere innhenta løyve etter hamne- og farvasslova for arbeid som er nemnt i plan- og bygningslova § 20-1.

3 REKKEFØLGJEKRAV

Naudsynt løysing for avløp og tilstrekkeleg vasstrykk i leidningsnettet skal vere etablert før bygg vert oppført.

Tiltak for rassikring skal vere gjennomført og godkjent av geolog før byggesakshandsaming, for kvar einskild byggeområde (BFS2 – BFS9).

Krysset mellom Fv606 og veg inn til bustadfeltet skal ha tilstrekkelege siktforhold i tråd med gjeldande regelverk før planområdet vert utbygd.

Det tillatast trinnvis utbygging av område, dvs. at område BF1-4 kan til retteleggast og byggast ut før resten av området vert tilrettelagt.

4 BYGNINGAR OG ANLEGG

4.1 Bustad, frittliggande -småhus

For område BFS1, med eksisterande bustad, kan det førast opp bustadbygg med saltak. Møne- og gesimshøgde på BFS1 er sett til hhv. 9 og 6,5 meter. Byggjegransene er vist på kartet. Maksimal utnyttingsgrad for BFS1 er %-BYA=25%.

Garasjar skal vere tilpassa bustadane i form og materialbruk, slik at dette får ei heilskapleg utforming. Gesimshøgde skal ikkje overstige 3 meter og mønehøgde skal ikkje overstige 5 meter.

Innanfor byggjeområde BFS2-BF9 kan det etablerast eine- og tomannsbustader i samsvar med pbl §29-4 med tilhøyrande garasje.

Graden av utnytting skal ikkje overstige %-BYA= 35%.

Bygg utan kjellar kan oppførast med inntil 2 etasjar. Bustader med kjellar kan vere på maksimalt 2,5 etasjar.

Gesimshøgde skal ikkje overstige 7 m for bygningar med vanlig saltak, og mønehøgde skal ikkje overstige 9,0 m.

Gesimshøgde skal ikkje overstige 7,5 m for bygningar med flatt tak (pulttak), og mønehøgda skal ikkje overstige 9,0 m.

Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 2,5 m og mønehøgde ikkje over 5,5 m. Garasjen si grunnflate skal ikkje overstige 50 m². Mønehøgde maks 5,5m over garasjebol. Det er lov med kjellar på garasje der alternativet er ei stor fylling.

Det skal i byggjemeldinga oppgjevast gesims- og sokkelhøgder. Det er høve til å innreie utleigehusvære i bustaden. Det skal avsettast plass til garasje innanfor tomtegrensa.

Frittliggande garasjar skal tilpassast bustadhus på same tomt med omsyn til materialval, form og farge. I samband med byggjemelding av bustadhus skal det leggjast fram målsett situasjonsplan som syner korleis plassering, tilkomst, felles parkeringsareal, biloppstillingsplass, garasje m.v. er tenkt løyst. Situasjonsplan skal ha målestokk 1:500.

Etter samtykke med kommunen kan garasje førast opp utanfor den regulerte byggjegrrensa, men ikkje nærmare eigedomsgrensa enn 3 m. Avstand på 1 m kan berre godkjennast når garasjen har innkøyring parallelt med vegen.

4.2 Felles leikeplass, f_BLK

Leikeplass f_BLK1-f_BLK2 er felles for bustadane innanfor planområdet.

Leikeplassane f_BLK1- f_BLK2 skal nyttast/opparbeidast til leikeareal for dei minste samt at f_BLK2 skal nyttast som nærleikeplass og sosialt samling- og aktivitetsområde.

Opparbeiding av leikeplassane skal skje etter eigen plan og i tråd med gjeldande krav for sikring av leikeplassar og utstyr. Natursteinsmurar, gangstiar, vassarrangement, sitjeplassar, lyssetjing og andre parkmessige installasjonar kan opparbeidast. Ingen tiltak kan iverksetjast utan plan godkjend av kommunen. Det skal oppretthaldast naturleg vegetasjon i dei delar av området som ikkje blir nytta til ball- og leikeplass.

Sikring av leikemiljøet i samband med trafikk, murar, skjeringar og skråningar som vert opparbeidd for bustadfeltet, kviler på utbyggar/tomteeigar etter plan- og bygningslova.

4.3 Energiforsyningsanlegg, trafo

Innanfor området BE1 kan det oppførast ein trafokiosk.

4.4 Renovasjonsanlegg Andre anlegg

Innanfor område f_BRE1 f_BRE2 f_BAB kan det oppførast eit bygg for postkassestativ og renovasjon der avfallsbeholdarar skal framsetjast for tømming. ~~Avfallsbeholdar skal ikkje lagrast i bygg mellom hentedagane.~~

4.5 Naust

Området f_BUN1 og f_BUN2 er avsett til fellesnaust for bustadane innanfor planområdet.

Naust kan oppførast inntil 1 ½ etasje og med 38-45 graders mønetak. Gesimshøgda kan vere inntil 3,6 meter.

Materialbruk skal vere trepanel og tekking av skifer, uglasert teigstein, torv eller tradisjonelt bølgeblikk.

Bygning skal vera uisolert og tilpassast tradisjonell byggeskikk i området ved fasadeuttrykk, proporsjonar, farge- og materialbruk.

Grad av utnytting settast til maks %-BYA= 45 %

I strandsona må det ikkje førast opp gjerde, murar eller anna som kan hindre fri ferdsel.

I f_BUN1 kan det oppførast til saman 12 naust, med grunnflate inntil 32m². Nausta skal byggast i 3 grupper på 4 samanhengande naust i kvar gruppe med minimum 1,5m mellom kvar gruppe.

I f_BUN2 kan det oppførast 1 naust, med grunnflate inntil 32m².

Det vert ikkje tillete med rom for varig opphald på i naustet.

Det skal leggst vekt på at utforming blir i samsvar med tradisjonell byggeskikk i området.

5 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

5.1 Offentleg køyreveg, o_SKV 1

Nye køyvegar skal ikkje ha stigning brattare enn ~~12~~ 15%. Vegbane skal ha breidde min. 4m, og skulder 0,5m til kvar side (total breidde 5,0m). Avkøyrse skal utformast i samsvar med gjeldande vegnormalar i handbok N100 om veg- og gateutforming samt handbok V121 om geometrisk utforming av veg- og gatekryss. Det er tillate å leggje rør og kablar i vegbana.

Murar, grøfter og skjerings- og fyllingsområder kan etablerast på føremål som grensar til samferdselsanlegg.

5.2 Privat køyreveg, SKV2

Køyreveg SKV2 er eksisterande veg inn til BFS1. Vegbane skal ha breidde min. 3m, og skulder 0,5m til kvar side (total breidde 4,0m).

5.3 Offentleg køyreveg, o_SKV3

Veg o_SKV3 skal nyttast som tilkomstveg for vedlikehald av rasvoll som er etablert ved bustadfelt BFS4, samt som tilkomstveg til friluftsområdet.

5.4 Tekniske bygningar / konstruksjonar

Innanfor området TK kan det oppførast trafokiosk eller andre innretningar for tekniske anlegg som er nødvendig. Frittstående bygg skal tilpassast staden sin busetnad med omsyn til form og farge. Kommunen skal gje løyve til slik innretting.

Det skal etablerast kommunal vassleidning inn i planområdet som sørgje for at vassforsyninga i området er tilstrekkeleg til å dekke brannvesenets behov for sløkkevatn. Bygd etter kommunens VA-forskrift.

Avlaup vert anlegg til septiktank, der avlaupsvatnet går til felles avlaupsleidning til sjø.

5.5 Offentleg parkering

Parkering o_SPA1 og o_SPA2 er offentlig parkering innanfor planområdet.

5.6 Anna veggrunn – grønt areal

Det er regulert inn 1,5 meter breidde med annan veggrunn på kvar side av køyrevegen. Ved store terrenginngrep skal overflatesjiktet takast ut, mellomlagrast og tilbakeførast til sidekantar (inklusive grøftettrauet) etter ferdige terrenginngrep.

Terrenginngrep for veganlegg skal utførast på ein skånsam måte, og vere tilpassa eksisterande terreng og vegetasjon. Fyllingar skal såast, eller steinsettast med robuste materialar tilpassa omgjevnaden og utførast samstundes med veganlegget.

5.7 Frisikt

Innanfor frisktsonene skal det vere fri sikt på minimum 0,5 m over tilgrensande vegars nivå.

Busker, trær, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikten er ikkje tillatt. Trafikkskilt og lysmastar kan plasserast i frisiktsona, dersom dei ikkje hindrar fri sikt. Parkeringsplassar kan ikkje etablerast i frisiktsonene. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstander blir fjerna.

5.8 Avkøyring

Avkøyrslar er vist med illustrerande piler i plankartet. Eksakt plassering vert godkjent av kommunen ved byggesakshandsaming.

6 LANDBRUKS, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE

6.1 Friluftsmål, LF

Det er ikkje tillate å etablere tiltak innanfor LF-områda, bortsett frå tekniske bygg og installasjonar der dette er nødvendig. Det skal ikkje setjast opp gjerde eller gjerast andre tiltak som hindrar tilgjeenge.

7 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

7.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

I området for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, merka V skal det ikkje etablerast tiltak i sjø.

7.2 Friluftsområde i sjø vassdrag med tilhøyrande strandsone

Det er ikkje høve til å etablere faste eller flytande installasjonar utover det som er i samsvar med området sin bruk til rekreasjon og opphald. Området skal vera tilgjengeleg for ålmenta.

7.3 Småbåthamn

I Djupevågen, f_VS1 er området tenkt nytta til småbåthamn med utliggarar for båtar. For området f_VS2 kan det fyllast ut i sjø. Småbåthamna er felles og skal nyttast av grunneigarane i planområdet. Det kan etablerast eit båtoppdrag/båttutsettingsplass .

Strandsone skal vere gangbar for ålmenta.

Utelagring eller oppsetting av provisoriske eller midlertidige lagerkonstruksjonar (telt, halvtেকker etc.) innanfor området skal ikkje førekome.

Tiltak i sjø, herunder utfylling, mudring, utgraving, legging av leidningar/ røyr og utlegging av flytebrygger/molo, er søknadspliktige ifølge plan- og bygningslova.

Ved søknad om løyve til tiltak skal det dokumenterast at verksemda ikkje forureinar omgjevnaden på nokon måte. Det gjeld vedlikehald av båtar og utstyr (maling, bunnsmøring, oljeprodukt, blybatteri, m.m.) og at båtoppsett på land for slik vedlikehald etablerast med tett oppsamling for avvirka material frå spyling og skraping/pussing.

7.4 Kaste- og låssetjingsplass, VKL

Området VKL1 er avsett til kaste- og låssetjingsplass . Tradisjonelt fiske har prioritet føre øvrige aktivitetar. Det må ikkje leggst ut flytebrygger/fortøyingar som vil hindre bruk av låssettingsplassen. Personar som skal bruke området på sjø og land må bli gjort merksame på at det til tider kan gå føre seg aktivitet både på dag- og nattestid ved låssetting. Låset kan bli ståande over tid.

8 OMSYNSONE

8.1 Faresoner

Ras-og skredfare H310

Faresone ras er vist på plankartet og merka H310. Arealet H310_1, H310_2 og H310_3 som er definert som sikkerheitsklasse 2 (1000-årsskred) har ein årleg sannsynlegheit på 1/1000. Faresonekartet viser at deler av området der det er tenkt bustadar ikkje imøtekjem kravet til sikkerheitsklasse 2. Her vert det difor naudsynt med sikringstiltak.

8.2 Frisiktsone (H140)

I området mellom frisiktlinjene og køyrevegar , gang- og sykkelvegar og kollektivanlegg skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0.5 meter over nivået til dei tilstøytande vegareala. Eigar av primærveg kan krevje sikthindrande vegetasjon, snø og gjenstandar høgare enn 0,5 meter over primærvegen fjerna.

9 Føresegnområde,

9.1 Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg, område #1

Innanfor dette sjøområdet kan det tillate å legge ut ei flytebrygge i samband med bruk av nausttomt BUN2.

NORCONSULT NORGE AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Dato	07.04.2026
Vår referanse	2026/8433-4
Dykkar referanse	bd83dd2a-49e0-485d-877b-9ae5afbe1330
Sakshandsamar	Cathrine Grasdal
E-post	Cathrine.Gunn.Grasdal@vlfk.no
Telefon	

Innspel til varsel om planoppstart - reguleringsplanarbeid - Bustadfelt Klubben - Solund kommune

Vi viser til brev datert 02.03.26 om oppstart av arbeid med detaljregulering for bustadfelt Klubben i Solund kommune. Hovudføremålet med reguleringa er endringar for parkeringsareal, justering av regulert vegareal og helikopterlandingsplass. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan og regulert til bustad, leikeareal, naustområde og småbåthamn, samt opparbeiding av køyreveg.

Vestland fylkeskommune vurderer planendringa ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering og innspel

Planfaglege merknadar

Justeringa av planen og prosessval framstår som føremålstenleg.

Samferdsel og infrastruktur

Planendringane til reguleringsplanen Bustadfelt Klubben, planID 201502, har ingen påverknad på det som vedkjem fylkesveg 606. Avkøyrsla mot fylkesvegen er teikna inn i kart med siktzone og utforming som er i tråd med vegnormal Handbok N100. Vi saknar derimot innteikna sikringssone H140 for nemnte frisiktzone, og ber om at dette vert teikna inn i kartet.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at kartet blir oppdatert med omsyn til frisiktssone. Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Cathrine Grasdal
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

NORCONSULT NORGE AS Att.Sindre Eikenes Postboks 626 1303 SANDVIKA	Dato: 03.03.2026 Vår ref.: 2026/34-259 Deres ref.: 52406751 Deres dato:
--	--

Automatisk tilbakemelding - Varsel om planoppstart: Bustadfelt Klubben - Solund kommune

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) viser til plansaken som dere har sendt på høring. DSB har dessverre ikke kapasitet til å gå inn i alle mottatte plansaker og sender derfor automatisk ut dette generelle svaret på slike saker.

Det er Statsforvalteren som skal følge opp at hensynet til samfunnssikkerhet er ivaretatt i plansaker. Statsforvalteren har også et ansvar for samordning av statlige innsigelser til kommunale planer.

DSB har innsigelseskompetanse etter plan- og bygningsloven i plansaker som berører følgende områder:

- Virksomheter som håndterer farlige stoffer herunder storulykkevirksomheter
- Transport av farlig gods
- Brannsikkerhet herunder tunneller og underjordiske anlegg
- Tilfluktsrom (sivilforsvarsdistriktene)

Siden Statsforvalteren har et overordnet ansvar for å følge opp samfunnssikkerhet i planer, vil også disse områdene kunne inngå som en del av Statsforvalterens oppfølging. DSB samarbeider med Statsforvalteren og vil gi faglig innspill til Statsforvalteren dersom det er nødvendig.

Hvis det likevel er behov for direkte involvering av DSB i plansaken, bes det om at høringen sendes inn til DSB på nytt med tydelig angivelse av hvilket forhold det bes om DSBs uttalelse til.

Dersom plansaken gjelder areal knyttet til etablert storulykkevirksomhet eller areal hvor det planlegges etablering av anlegg som sikkert eller muligens vil bli storulykkeanlegg, bes det også om at høringen sendes DSB på nytt. Det må fremgå av oversendelsen at saken gjelder plansak knyttet til anlegg omfattet av storulykeforskriften.

Vi viser til www.dsb.no for DSBs veileder om samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging og veileder om sikkerheten rundt storulykkevirksomheter.

Med hilsen
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
Arkiv

Dokumentet er godkjent elektronisk og sendes derfor uten underskrift.

NORCONSULT NORGE AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Uttale på varsel om oppstart av planarbeid - mindre endring av detaljreguleringsplan for Bustadfelt Klubben i Solund kommune (PlanID 201502)

Detaljar:

Saknr. NGIR:	Kommune gbnr:	Plannamn:	PlanID:
26-003	Solund	Bustadfelt Klubben - mindre endring av detaljreguleringsplanen	4636_201502 Saksnr: 2015 / 2

Dokumentliste:

Dato	Avsender/mottakar	Planstatus	Saksh.
02.03.2026	NORCONSULT NORGE AS/NGIR IKS	Varsel om oppstart av planarbeid	LSR

NGIR har motteke varsel om oppstart - mindre endring av detaljreguleringsplan for Bustadfelt Klubben i Solund kommune 02.03.2026 og har følgjande merknader:

Generelt:

I NGIR-området sorterast det ut tre avfallsfraksjonar i avfallsdunk, i tillegg kjem plastavfall som leverast i 140 l returplastsekk. Kvar einskilde hushald/bueining har rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Ein standard avfallsdunk er på 140 l. Avstand frå eigedom til hentepunkt for avfall skal maksimalt vera 300 m ved eigne avfallsdunkar til kvart hushald/bueining.

Alternativet til eigne 140l avfallsdunkar er fellesløysing. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald/bueining veljast (140 l x tal bueiningar for alle fire fraksjonane). Avstand frå eigedom til fellesløysing for avfall bør vera mindre enn 125 m.

NGIR må kontaktast i samband med val av avfallsløysing. Uavhengig av kva for avfallsløysing ein vel er det viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal både til oppstilling og handtering av avfallsdunkane i samband tømning av avfallet.

NGIR sendte 27.03.2026 e-post til ansvarleg plankonsulent i Norconsult med spørsmål og behov for presisering av kva som er tenkt når det kjem til renovasjonsløyising i den mindre endringa av detaljreguleringsplan i Klubben i Solund kommune (PlanID 4636_201502). NGIR har ikkje motteke svar på etterspurd per 09.04.26.

Då det for NGIR, i varselet om mindre endring av detaljreguleringsplan for bustadfelt Klubben i Solund kommune, ikkje kjem tydeleg fram om det er slik at dei to tidlegare innteikna renovasjonspunkta inne i bustadfeltet (BRE1 og BRE2 frå 2016) no skal erstattast med eit felles bosshus eller om bosshuset kjem i tillegg til BRE1 og BRE 2 har me laga ei generell uttale på den mindre endringa.

NGIR ynskjer å presisera at om det er slik at BRE1 og BRE2 skal erstattast av eit felles bosshus på arealet som opphavelig var avsett til helikopterlandingsplass (O_LU) for alle bueiningane i bustadfeltet, vil ikkje dette vera innanfor maks avstand frå bueining til renovasjonsløyising.

NGIR anbefaler ikkje å gå for ei felles avfallsløyising der innbyggjarar må frakta avfallet i posar over ei lengre strekning. Om husstandane har eigne avfallsdunkar kan heller ikkje desse fraktast ned til O_LU då maksavstand skal vera 300 m.

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

Det er viktig at tilkomstveggar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde, høgde og toler tilstrekkeleg aksestrykk slik at renovasjonsbilen kan nytta dei (jf. forskrift¹). I tillegg må tilkomstveg ikkje vera for bratt (maks 8 % stigning), slik at renovasjonsbilen kan koma seg opp/ned både sumar- og vinterstid. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsveggar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstveggar, hentestadar og snuplassar bør ha fast toppdekke. Det må vera brøytt, salta og strødd ved snø og glatt føre. Vegen og hentestad må elles ha normalt vedlikehald gjennom heile året.

Kjevikdalen 9. april 2026

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Laila S. Rød".

Laila S. Rød

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS
Rådgevar Forvaltning, Sak og system

¹ Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund kommune, Vestland



NORCONSULT NORGE AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Dag Endre Stedje, 5764 3150

Fråsegn til varsel om endring av detaljreguleringsplan for bustadfelt Klubben i Solund kommune

Vi viser til oversending motteken her 02.03.2026.

Formål med endringane er å:

- Fjerne Felt O_SPA1 i plankart og tilbakeføre til anna veggrunn og blågrønn-struktur. Regulere ny parkeringsplass i eksisterande lomme vest for o_SPA1
- Omdisponere og omregulere arealet som er sett av til helikopterlandingsplass, felt O_LU, i kommuneplanen sin arealdel (KPA).
- Justere vegbana SV frå P10 til P130 4. Opne for endring av føresegn knytt til stigning, med formål om å lette på krav til maksimal stigning frå dagens 12%

Når det gjeld helikopterlandingsplassen (O-LU) i arealdelen til kommuneplanen er det vurdert at dette området ikkje er eigna til helikopterlandingsplass. Arealet (4220m²) grensar mot gjeldande detaljreguleringsplan for Bustadfelt Klubben, og vert no innlemma i planen for å nytte deler av arealet til renovasjon og postkassehus for heile bustadfeltet. Restareande areal vert tilbakeført frå helikopterlandingsplass til offentleg friområde.

Vi forstår det slik at det eigentleg er tenkt å handsame endringane etter forenkla prosess, jf. pbl. § 12-14, andre og tredje ledd, ut frå at det er vurdert at det er snakk om mindre endringar. Vi ser likevel at det i sakspapira er vist til pbl. § 12-14, første ledd, som gjeld endringar som skal handsamast på same måte som ny plan. Det er såleis noko uklart kva sakshandsaming som vert lagt til grunn for å gjennomføre reguleringsendringa.

Ut frå skildringa av endringane er det mykje som talar for at saka kan handsamast som forenkla prosess etter pbl. § 12-14, andre og tredje ledd, og vi forstår det slik at det er det som er tenkt. Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader verken til endringane i planframlegget eller til



sakshandsamingsmåten.

Med helsing

Sarah Kvåle Skouen
fungerande seksjonsleiar

Dag Endre Stedje
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Solund kommune

Postboks 7900
Postboks 5091 Majorstua
Postboks 73

5020	BERGEN
0301	OSLO
6921	HARDBAKKE

Merknad til endring av reguleringsplan: Klubben Bustadfelt (Sak 2015/2)

Gjelder eigedom: Gnr/Bnr 26/49

1. Manglande behov for ytterlegare parkeringsareal

Vi stiller spørsmål ved behovet for å etablere ein ny parkeringsplass like over vår innkøyring. Feltet er planlagt med 15–20 hus, og det er allereie opparbeidd ein parkeringsplass i enden av feltet.

- **Avstandsvurdering:** For samtlige hus i feltet vil det vere kortare veg å gå til den eksisterande parkeringsplassen enn det er for bebuarane i enden av feltet å gå til det felles renovasjonspunktet ved RV606.
- **Tilstrekkeleg kapasitet:** Vi ber kommunen dokumentere kvifor dagens parkeringskapasitet ikkje er tilstrekkeleg for eit felt av denne storleiken, før ein vedtek inngrep som skapar store ulemper for eksisterande eigedomar.

2. Sperring av køyremønster og trafikksikkerheit

Den foreslåtte parkeringsplassen vil fjerne moglegheita for å snu ved vår innkøyring.

- Dette medfører at vi må køyre heilt ut på **RV606 (Hovudvegen)** for å snu når vi skal frå bustadhuset og ned til sjøbua vår.
- Å tvinge lokaltrafikk ut på ein trafikkert riksveg berre for å utføre ein snuoperasjon er trafikkfarleg og skaper ein uakseptabel kvardagslogistikk for oss som bur her.
- Vi gjer og merksam på at vår avkøyring frå den kommunale vegen **ikkje** toler noka form for heving av den eksisterande vegbana, då dette vil gjere inn/utkøyring uforsvarleg bratt, spesielt på vinterstid. Dette er tidlegare tatt opp med kommunen, noko som dei har vist forståelse for.

3. Innlemming av søknad: Flytebrygge/bølgedemper

Dersom reguleringsplanen no skal endrast, ber vi at vår søknad av **03.03.2022** om utlegging av flytebrygge/bølgedemper ved sjøbua blir innlemma og godkjent i planen.

- **Tidlegare avslag:** Vi fekk avslag fordi kommunen sjølv skulle etablere småbåthamn og bølgebrytar.
- **Manglande framdrift:** Det har no gått fire år utan at kommunen har følgd opp sine lovnader. Sidan føresetnadene for det opprinnelege avslaget ikkje er innfridde, bed vi at vi no får løyve til å sikre sjøbua vår for ver og vind med dei private tiltak som tidlegare omsøkt.

Konklusjon

Vi bed om at den planlagde parkeringsplassen blir stroke frå planen då behovet ikkje er dokumentert og ulempene for vår eigedom er for store. Det må takast hensyn til avkjørsle ned til oss. Subsidiært bed vi at planen blir endra slik at vår søknad om bølgedemper frå 2022 blir godkjent som ein del av den nye reguleringa.

Med helsing,

Patrick Trovåg

Hardbakke den 26.03.26

NORCONSULT NORGE AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Vår dato: 18.03.2026
Vår ref.: 202606154-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 2015 / 2

Sakshandsamar: Margit Sandem
Fjellengen, masf@nve.no

NVE si uttale til varsel om oppstart – mindre reguleringsendring - Bustadfelt Klubben, planID 201502 - Solund kommune

Vi viser til brev datert 02.03.2026. Saka gjeld varsel om oppstart av ei mindre reguleringsendring i reguleringsplan for bustadfelt Klubben. Føremålet med endringa er å fjerne felt O_SPA1 i plankart for å tilbakeføre til anna veggrunn og blågrønn-struktur. Regulere ny parkeringsplass i eksisterande lomme. Omdisponere og regulere inn arealet som er sett av til helikopterlandingsplass i kommuneplanen sin arealdel. Justere vegbane, opne for endring av føresegn knytt til stigning, med formål om å lette på krav til maksimal stigning frå dagens 12%.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle reguleringsplanar som kjem på høyring. NVE vil prioritere å gi konkrete innspel og uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

NVE si generelle tilbakemelding

Som planmynde har de ansvar for å sjå til at NVE sine saksområde blir vurdert og ivaretatt i planframlegget. De må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE rettleiar [2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#).



De kan også bruke våre nettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. På NVE sine nettsider finn de koplingar til rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på NVE sine kartløyserar.

Meld inn fareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret hjelp i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen
Rådgiver

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

NORCONSULT NORGE AS

Kopimottakarar:

Solund kommune
STATSFORVALTAREN I VESTLAND



Statens vegvesen

NORCONSULT NORGE AS
Postboks 626

1303 SANDVIKA

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Oddvar Andreas Skrede /
94383151

Vår referanse:
26/63038-2

Dykkar referanse:
2015 / 2

Vår dato:
10.03.2026

Uttale – Varsel om oppstart av planarbeid – Mindre reguleringsendring for Bustadfelt Klubben – PlanID 4636_201502 – Solund kommune

Vi viser til ovannemnde sak med uttalefrist 13.04.26. På vegne av Solund kommune har Norconsult varsle oppstart av mindre reguleringsendring for detaljreguleringsplan Bustadfelt Klubben. I hovudsak består endringa og tilpasse planen til meir føremålstenlege løysingar enn planen inneheld i dag.

Uttale frå Statens vegvesen:

Vegvesenet har ingen vegar eller andre interesser i området varsel om planoppstart gjeld. Til dette varselet uttalar vi oss difor som sektoransvarleg for vegtrafikk.

Vi minner om at vegnormalane gjeld for all offentleg veg og at fråvik frå desse skal vere godkjende av vegeigar før planen leggst ut på høyring og offentleg ettersyn. Vi minner også om at plankartet må vise siktkrav i kryss og avkøyrslar.

Kommunen må så langt det er mogleg unngå etablering av parkeringsplassar som medfører at køyreveg vert nytta til manøvreringsareal ved parkering og tilpassing av regulerte veglinjer. Eventuelle endringar knytt til krysset med fv. 606 må avklarast med fylkeskommunen.

Ut over dette har vi ikkje merknader til varselet.

Transport vest – transportforvaltning 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
Seksjonsleiar

Oddvar Skrede

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Sanderplassen 6
6800 FØRDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

SOLUND KOMMUNE, Hardbakke 26, 6924 HARDBAKKE

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER